

Forvaltingsplan



Setesdal Vesthei • Ryfylkeheiane Landskapsvernområde
Steinsbuskardet • Hisdal biotopvernområde



Føreord

Landskapsvernområde Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane (SVR) og Steinbuskaret-Hisdal biotopvernområde vart oppretta ved Kronprinsensregenten sin resolusjon 20.04.2000. Vedtaket gjeld område i kommunane Bykle, Valle, Bygland i Aust-Agder og Sirdal, Kvinesdal, Åseral, Hægebostad i Vest Agder og Forsand i Rogaland. Dette var ei viktig hending og ein milepæl. Gjennom fleire tiår hadde ein drøfta ulike framlegg til korleis ein skulle ta vare på desse heieområda.

I vedtaket sitt i Inst. S. Nr. 92 1996 – 1997 la Stortinget sterke føringar om at SVR skulle bli eit område med forsøk i lokal forvaltning. Dette vart fylgt av regjeringa. SVR er det første store verneområdet som skal forvaltast lokalt. Den einskilde kommune forvaltar sine område. Det at områda blir forvalta av den einskilde kommune krev ein brei prosess i utarbeiding av forvaltningsplanen. Prosessen hjelper til å få lik utøving av skjønn, slik at like område får lik forvaltning i den einskilde kommune.


Nettverket, som er sett saman av ein administrativ representant frå kvar kommune, har vore sjølve drivkrafta i utforminga av forvaltningsplanen og i ei felles forståing mellom kommunane. Arbeidet i nettverket har synt at kommunane har stor fagkunnskap på området. Ved oppstarten 01.08.01 var Kjell Pedersen Rise tilsett i stillinga som prosjektleiar. Han fekk orden på organiseringa, og ein god start på prosessen. Han slutta i stillinga etter kort tid. I staden hans tilsette styret noverande prosjektleiar Signe Sollien Haugå. Ho fylgde godt opp det arbeidet som var starta. Prosjektet har nytt godt av hennar store faglege kompetanse og gode evne til å få ulike miljø og meiningar til å smelte saman. Prosjektet har hatt stor nytte av referansegruppa si mange gode faglege innspel, og signal om kor grensa mot statlege føringar går. Styret har vore samansett av ordførarane i dei åtte kommunane. Dette har vore naudsynt i kontakt med regionale og nasjonale myndigheiter i eit pionerprosjekt som SVR er.

I driftsfasen må me og ha fokus på kva moglegheit den nye statusen for SVR kan gje oss som bur kring heia. Heiane skal ikkje konserverast, men gi rom for berekraftig bruk. Levande heiar, treng levande bygder.

Det som for mange av oss har vore mykje av drivkrafta i arbeidet for lokal forvaltning er det at vi ser kor viktig det er at arealressursane vert styrde av dei som bur i området, og ikkje av sentrale myndigheiter.

Til slutt treng me å ynskje kvarandre lukke til. Må me kvar på vår plass gjere det vi kan for at prosjektet skal lukkast!

Valle, 25.mai 2003



Steinar Kyrvestad
Styrelleiar SVR / ordførar i Valle kommune

Setesdal Vesthei – Ryfylkeheiane Landskapsverneområde / Steinsbuskardet – Hisdal Biotopverneområde

4

Ansvarleg utgjevar	Styret for SVR – eit interkommunalt samarbeid mellom kommunane Bygland, Bykle, Forsand, Hægebostad, Kvinesdal, Sirdal, Valle og Åseral
Prosjektleiing	Forvaltingssekretariatet v/ Signe Sollien Haugå
Utforming	Tekst: Signe Sollien Haugå / Kart: Knut Erik Paulsen
Oppdragsgjevar	Direktoratet for Naturforvalting
Planprosess	Oppstartmøte Revsnes 19. mars 2002 – med deltaking frå DN. Varsling til grunneigarar og interessegrupper gjennom lokale prosessar i kommunane våren 2002. Kommunevise møte i oppstart med administrasjon/politiske repr. og statleg/regionale representantar. Lokale prosessar. Utforming gjennom interne drøftingar med arbeidsutval, styre, nettverk og referansegruppe. Temamøte med sentrale aktørar undervegs og einskildmøte med MD og DN om prinsipielle utfordringar / tema. Sluttdrøfting mellom DN, styret og arbeidsutvalet i SVR gjennom møte og korrespondanse, vårhalvåret 04.
Høyring	Vedtak om høyring: Styremøte 2.mai 2003 Høyringsperiode: 31.mai 2003 - 31.juni 2003 Handsaming av høyringsinnspel - møte: <ul style="list-style-type: none">• Referansegruppa 2. september 2003• Nettverket: 3. september 2003• Styret: 8. september 2003• DN og AU: 21 oktober 2003• Styret: 20 nov 2003
Fagleg gjennomgong	Direktoratet for Naturforvalting, mai 2003
Godkjenning	Direktoratet for Naturforvalting – brev datert 30.01 supplert med brev datert 24.03.04 om justeringar/kompromiss på bakgrunn av drøftingar og framlegg frå styret i SVR, sjå vedlegg.
Samandrag:	I medhald av verneføreseigna § V er det utarbeidd forvaltingsplan. Planen utdjupar verneføreseigna. Gjennom sonedeling og forvaltingsmål til dei ulike sonene legg ein opp til differensiert forvalting innanfor ramma av vernet. Her legg ein strategiar for utøving av lokalt forvaltingsmynde, og retningslinjer for sakshandsaming av ulike sakstypar. Planen skal sikre heilskapleg og aktiv forvalting framover. Vidare kjem ein inn på forvaltings-oppgåver som oppsyn, skjøtsel, informasjon og tiltak i handlingsplanen som skal oppretthalde og fremje verneførmåla. Verneføreseigna, framlegg til justeringar av verneføresegn og –grense, formalia frå prosessen, organisering mv. er lagt til vedlegg.
Tilgjenge:	Forvaltingssekretariatet, –SVR, Valle kommune 4747 Valle Tlf. 37 93 75 00 / mob. 48 23 73 00 Mail; post@svr.no Heimeside: www.svr.no
Forvaltingsplanen:	Rapport: tekstdel 62 sider + vedlegg (eige hefte)
Grafisk design: Trykk:	MyreHøie Design AS Bryne Offset Mai 2005

Innhald

Innleiing	6	5.2.3 Motorferdsel i lufta:	33
1 Generell omtale	7	5.2.4 Motorferdsel på vatn- og vassdrag	34
1.1 Lokalisering – omfang- kart	8	5.2.5 Motorferdsel i utmark	34
1.1.1 Verna areal	8	5.2.6 Vitenskaplege undersøkingar - forskning	35
1.1.2 Fylke - kommunar	9	5.2.7 Handlingsplan – friluftsliv og ferdsel	35
1.1.3 Eigedomstilhøve	9	5.3 Bygg- og anleggsaker	36
1.2 Omtale av området	10	5.3.1 Endring på eksisterande bygg	40
1.2.1 Naturen	10	5.3.2 Oppattbygging	40
1.2.2 Kulturelle og fysiske spor i landskapet	12	5.3.3 Nye bygg	40
1.2.3 Brukarinteresser i dag	12	5.3.4 Turisthytter	41
2 Om vernet	14	5.3.5 Enkle/ mellombels bygg	41
2.1 Verneform	14	5.3.6 Massetak	42
2.2 Verneføremål	14	5.3.7 Demningar og kraftrelaterte bygg og anlegg	42
2.3 Vernereglar	14	5.3.8 Kommunikasjonsanlegg	42
3 Framtidig forvaltning av området	15	5.3.9 Veganlegg	42
3.1 Overordna mål for forvaltinga	15	5.3.10 Andre bygge og anleggstiltak	42
3.2 Bakgrunn	15	5.3.11 Handlingsplan/tiltak – bygge og anleggstiltak	42
3.3 Utmeisling av lokal forvaltingspolitikk	15	5.4 Dokumentasjon/ forskning / undersøkingar	44
3.3.1 Langsiktig bærekraftig forvaltingsutøving	16	5.4.1 Handlingsplan – dokumentasjon, forskning og undersøkingar	44
3.3.2 Differensiert forvaltning	16	5.5 Næringsrelatert bruk og næringsutvikling i og ved SVR	45
3.4 Forvaltingsstrategiar	17	5.5.1 Handlingsplan – næringsutvikling i og ved SVR	46
3.4.1 Naturkvalitetar – biologisk mangfald	17	5.6 Naturoppsyn og kontroll	47
3.4.2 Berekraftig bruk – levande bygder	18	5.7 Skjøtsel	47
3.4.3 Heilskapleg og aktiv heieforvaltning	19	5.8 Informasjon	48
4 Soneinndeling	20	6 Organisering – driftsfase	50
4.1 Sonekategoriar	20	6.1 Frå etableringsfase til driftsfase	50
4.2 Sonedelingskart	20	6.2 Organisering	51
4.3 Sonedefinisjon og døme	22	6.3 Prosess – samarbeid – møteverksemd	51
4.4 Forvaltingsmål / -sone	22	6.4 Sentrale oppg. for sekretariatet i driftsperioden	52
5 Praktisering av verneføresegna	24	6.5 Rutinar for utveksling av røynsle og forvaltingskompetanse	53
5.1 Friluftsliv og ikkje-motorisert ferdsel	24	6.6 Saksgang – rutinar for sakshandsaminga	53
5.1.1 Allemannsretten – ferdsel i utmark	28	Vedtak	53
5.1.2 Organisert ferdsel	28	6.6.1 Meir om klagesakshandsaming	54
5.1.3 Bruk av hest og sykkel	29	6.7 Trong for justering av vernegrense og - føresegn	54
5.1.4 Merking av løyper	29		
5.1.5 Merking av nye løyper og omleg. av gamle løyper	29	Verneføresegner	
5.1.6 Kløpper og bruer	29	Verneføresegn – landskapvern	55
5.1.7 Rasteplassar og skilting	29	Verneføresegn – biotopvern	58
5.1.8 Turisme og nye former for utmarksaktivitetar	30	Kart; sone, løype og villrein m.v.	60
5.2 Motorisert ferdsel	30		
5.2.1 Offentlege vegar	32		
5.2.2 Anleggsvegar og andre køyrevegar	33		

Innleiing

6 Dette er 1.generasjon forvaltingsplan for Setesdal Vesthei – Ryfylkeheiane landskapsvernområde og Steinsbuskardet-Hisdal biotopvernområde.

Å etablere ei langsiktig, berekraftig lokal forvaltning er overordna. Mykje arbeid er lagt ned prosessen i etableringsfasen. Gjennom prosessar i kommunane og møteverksemd med aktørar med særlege verne- og bruksinteresser har ein søkt å ta tak i utfordringar og problemstillingar som det er viktig å få avklare. Mange har medverka, vore løysingsorienterte og på ein konstruktiv måte synt kompromissvilje. Ein stor takk til alle som har medverka i arbeidet - og til resultatet!

Forvaltingsplanen utdjuar verneføreseigna og legg føringar for skjønnsutøving og forvaltingspraksis. Planen skal vere lett å forstå og realistisk. Håpet er at han skal skape legitimitet og forståing for vernet og den forvaltinga ein set ut i livet. Vi har prøvd å utarbeide eit balansert framlegg til forvaltingsplan. Vi håpar han skal medverke til å sikre det storslagne området med natur-, kultur- og verneverdiar generelt, og sentrale delar av leveområde for villreinen spesielt. Den skal også gje folk i dag og framover høve til ressursnyutting og naturhausting, og ikkje minst glede ved naturoppleving.

Ein er klar over at alle tema ikkje er like godt gjennomarbeidd eller dekkja opp. Det vil vere nødvendig med revisjonar ettersom ein får meir røynsle og etter som ny dokumentasjon i SVR kjem fram. Vi håpar likevel at dokumentet blir eit praktisk hjelpemiddel i forvaltingsutøvinga og eit interessant dokument for deg som lesar.

Forklåring på mykje nytta nemningar og forkortingar

SVR Setesdal Vesthei – Ryfylkeheiane landskapsvernområde og Steinsbuskardet – Hisdal biotopvernområde

PBL Plan og Bygningslova
NVL Naturvernlova
RPR Rikspolitisk retningsline
MD Miljøverndepartementet
DN Direktoratet for Naturforvaltning
FM Fylkesmannen
MVA Miljøvernavdelinga
SNO Statens Natur Oppsyn
NIBR Norsk Institutt for By – og Regionforskning

”Forvaltingsstyresmakta ”
– den einskilde kommune innafor SVR
(Forvaltingsmynde etter verneføreseigna er delegert til dei 8 kommunane i SVR.)

Generell omtale

Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde er eit av dei største verneområda i Noreg. Heieområdet danner sørenden av Langfjella. Det er gjerne omtalt som villreinen sitt rike i sør, av di det er leveområde for Europa si sørlegaste villreinstamme.

Heiane er varierte frå nord til sør. Fellesnemnarar er: småkupert terreng, mykje fjell i dagen, sparsamt med lausmassar og lite vegetasjon. Litt spreidd finst det likevel rikare og meir frodige lier og drag. Området har mange store vatn.

Området danner sørgrense for utbreiing av dei fleste vanlege fjellviltartar i Noreg. Fleire av fjellplanteartane i Noreg har og si sørlege grense i dette heieområdet. Nokre kystplanter har høgde- og innergrensa si her.

Området er rikt på kulturminne. Det fins spor etter veideliv, ferdslø, gjeting og fedrift. I terrenget kan ein sjå runer, steinalderbuplassar, fangstanlegg med bogestiller, dyregraver og hellarar. Det er spor etter skjerp og gruvedrift. Utvinninga omfatta særleg molybdenglans og kopar.

Heieområdet er eit vakkert kultur- og naturlandskap. Graden av kulturpåverknad varierar. Beite, særleg av sau og rein, er ein viktig faktor for plantesamfunna også i dag. Innimellom finn ein meir kulturprega område med stølar, tidlegare stølvollar og slåttemark.

Området er rikt på aure, rein, rypar og anna småvilt. Her er tidlegare tiders veidemark og notidas jaktterreng. Her er tradisjonar for friluftsliv og naturoppleving. I heiane kan ein følgje merka løyper, og ein kan nytte tilbod om hytter for overnatting.

Området er sterkt prega av omfattande vasskraftutbygging. Det er mange og store magasin med tilhøyrande anlegg og drift.




Villrein i Setesdal Vesthei
Jan Thomassen

Molte
Forvaltingssekretariatet SVR

Sau, berekraftig skjøtsel av
kulturlandskapet i SVR
Forvaltingssekretariatet SVR

På fisketur i Sirdal
Per Ø. Grimsby


1.1 Lokalisering – omfang – kart



Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane blir bruka som fellesnamn på hei- og fjellområda som grensar mot Ryfylkefjordane i vest og Setesdalen i aust. I nord, over Haukeli, grensar området mot Hardangervidda. Mellom Hovden og Haukeligrend i nordaust, er Rv- 9 grense mot Setesdal Austhei. I sør har heieområdet ikkje noka tydeleg topografisk grense.

1.1.1 Verna areal

Eit areal på 2.385 km² blei varig verna ved Kronprinsregentens resolusjon 28.04 2000. Av dette er 2345 km² verna som landskaps-vernområde etter naturvernlova. Det resterande, to område i Bykle kommune, på til saman 40 km² er verna som biotopvernområde etter villtlova.



1.1.2 Fylke - kommunar

Verneområdet går inn i fylgjande kommunar:

- Bygland, Bykle og Valle i Aust-Agder
- Hægebostad, Kvinesdal, Sirdal og Åseral i Vest-Agder
- Forsand i Rogaland.


1.1.3 Eigedomstilhøve

Om lag 1/3 av verneområdet er statsgrunn (Njardarheim) og statsallmenning. Statskog er grunneigar, medan fjellstyra lokalt forvaltar ressursane i allmenningane. I verneområdet er det fleire store sameiger (drifteheier) og elles privat eigd grunn. Storleiken på dei private eigedomane varierer mykje .

Vernet femner om mange eigedomar:

	Tal Gnr/bnr	Samla areal i SVR i komm.
Bykle:	44	837,9 *
Valle:	106	465,5
Bygland:	54	279,9
Åseral:	57	227,1
Hægebostad:	13	77,1
Kvinesdal:	8	95,5
Sirdal:	113	343,3
Forsand:	23	39,2
Sum	418	2365,5

* av dette er 40 km2 verna som biotop-vernområde





Lysedalen i Forsand
Kjell Helle-Olsen

1.2 Omtale av området

Omtalen er eit resymé av verneplanframlegget, og for å finne utdjupande materiale bør ein gå til denne kjelda, - ev. og til temarapportane til fleirbruksplanen.

1.2.1 Naturen

Naturgrunnlag og vegetasjon

SVR er ein sørvestleg utlaupar av fjellområda i Noreg (naturgeografisk region 35 b (og a)). Området kan karakteriserast som småkupert heielandskap, med variasjon frå lågheiane i sør og vest til høgheiar mot nord.

Berggrunnen er tungt forvitreg grunnfjell. Det er mykje fjell i dagen og sparsame og næringsfattige lausmassar. Difor er det og sparsamt med vegetasjon. Det er få og nøysame artar som dominerar vegetasjonsbiletet. I lisdene finn vi ein rikare naturtype.

Heieområdet er og prega av mange vatn og innsjøar/reguleringsmagasin. (Dei største vasskraftmagasina inngår ikkje i verna areal. Grensa; ”høgste regulerte vasstand”.)

Klima

Klimaet er kystpåverka med mykje nedbør og vekslande vintertemperatur. Dominerande vindretning er frå vest til sørvest – og vinden fører med seg mykje nedbør. I vest er vanleg årsnedbør på 2500 mm eller meir, medan han i aust vanlegvis ligg omkring 1000 mm. Vekslande temparurtilhøve og høge nedbørsmengder i store delar av heieområdet om vinteren gjer at ein ofte har store snømengder og nedising av vinterbeite for villrein.

Dyreliv

Området er leveområde for den sørlegaste villreinstamma i Europa.

Villreinstammen her har kontakt nordover med stamma på Hardangervidda. Det er og utveksling av dyr og bruk av beiteområde med reinsstamma i Setesdal Austhei. Området dannar sørleg grense for utbreiing av dei fleste vanlege fjellviltartar i Noreg. Elg og hjortebestanden i heieområdet har vore aukande. Av store rovdyr er det berre gaupa som er påvist reproduserande i dei seinare åra. Jerv vert observert regelmessig. I det meste av heieområdet er det mykje fjell- og lirype. Mykje småvilt gjev og grunnlag for gode bestandar av store rovfuglar.



Øv til venstre
Søterot – kommuneblomen
til Bykle
Forvaltingssekretariatet SVR

Øv til høyre
Bergjunker
Rune Roalkvam

Fjelltjæreblom
Forvaltingssekretariatet SVR

Hestespreng i ura
Forvaltingssekretariatet SVR

Blåbergåskilen i Bykle
Forvaltingssekretariatet SVR



Brotteli i Bykle
Forvaltingssekretariatet SVR

Joklei i Bygland
Forvaltingssekretariatet SVR

Tufter ved Botsvatn i Bykle
Forvaltingssekretariatet SVR

Bu i Byglandsheia
Forvaltingssekretariatet SVR

Pytten gard i Bygland
Forvaltingssekretariatet SVR



Store delar av heieområdet er prega av massiv vasskraftutbygging, og somme stader er verneplanområdet avgrensa av vassmagasin. Fire store vasskraftprosjekt påverkar verneområdet i stor grad, - det er Sira-Kvina, Ulla-Førre, Øvre Otra og Skjerka.

I verneområdet er det ein del vegar, dels offentlege og dels private. Fleire anleggsvegar som vart bygde i samband med vasskraftutbygginga ligg att. Som følge av omfattande kraftutbygging er det og mange kraftliner i heieområdet.

1.2.2 Kulturelle og fysiske spor i landskapet

Heiane har mellom anna vore brukt til aurefiske og veiding etter rein, falkefangst og jakt på rypar og anna småvilt langt tilbake i tid. Heiane har og gitt grunnlag for mineralutvinning i periodar. Veiding og jernvinning var gjerne attåttnæring til gardsdrift.

Nokre stader var det fast busetting med husmannsplassar og frikjøpte bruk inne i sjølve heieområdet. Fram til ca. 1950 var det vanleg med heieslått og stølsdrift i heiane her. Mange av stolane er i dag forfalne eller ombygde. I område der det var vanleg med krøterdrifter, finn ein restar av såkalla "leger". Desse vart brukt som overnattingplass for dei som førde driftene over heia. Driftehytter for sauedrift er ein del av kulturhistoria, men og ei bruksform som framleis er særskilt aktuell og omfattande.

Det gjekk fleire gang- og ridevegar over heieområdet. I dag er det merka turistløyper kring om i heia. Det er og turistforeningshytter og utleiehytter i området.

1.2.3 Brukarinteresser i dag

Vasskraftutnyttinga har mest å seie økonomisk i området i dag. Konesjonshavarane har og massedeponi og tippar som omsettelege verdier i verneområdet.

Dei tradisjonelle bruksformene med landbruk, jakt, fiske og friluftsliv har og vesentleg økonomisk og kulturell verdi. Til dømes er det årleg om lag 176 000 sau på sommarbeite i områda. I 1993 vart verdien av utmarksbeite (tilveksten) rekna til om lag 36 mill. årleg eller om lag 700 årsverk.

I sør er det og skog med kapitalverdi. Jaktbart vilt med villrein, rype og elg representerer og viktige og verdifulle ressursar i heiane. Fiskeressursane har og stor verdi i dag og vil kanskje få enda meir å seie i åra framover.

Tradisjonelt friluftsliv vart i 1995 estimert til 20000 persondøgn pr. år. Statskog har 28 hytter i området - 15 av desse blir i periodar leigde ut. I tillegg er utleige og overnatting på hytter (mellom anna Fjellstyrehytter i Bykle) og driftsbygningar viktig.



Massetak ved
Roskreppdemningen i Valle
Forvaltingssekretariatet SVR

Reguleringszone i SVR
Forvaltingssekretariatet SVR

Gaukhei turisthytte
Forvaltingssekretariatet SVR

Kartet syner hovudstruktur
i DNT løypenettet

I småskala ser ein og ei utvikling i retning av utmarksrelaterte opplevingstilbod, natur og kulturbasert reiseliv som har verneområdet og kvalitetane her som salselement direkte eller indirekte.

Nærleik til heieområda og naturen er basis for tung reiselivssatsing og omfattande hytteutbygging i nokre kommunar. Både Ljosland og Borteli i Åseral og Hovden i Bykle ligg tett inn til verneområdet. Evardalen og Myklevatn i Valle er eldre hytteområde som ligg inntil verneområdet. I Sirdal ligg eit hytteområde (Grydalen) innanfor sjølve verneområdet.

Tiltak:

Regjeringa meiner det er potensiale for meir aktivitetar i norske fjellområde. Til dømes ulike formar for utleige, overnatting, servering, jakt og fiske og opplevingsbaserte aktivitetar, eller guiding/fjellføring, riding, elvepadling og leirskule/undervising(7). I høyringsprosessen har ein og konkludert med at det trengst ein breiare og meir grundig gjennomgang av bruk og potensiale for bruk av området innafør ramma av vernet. Eit prioritert tiltak i driftsfasen er å arbeide med status og kartlegging av potensiale for berekraftig bruk av verneområdet og tilliggjande bygdesamfunn. Å setje sterkare fokus på koplinga mellom verneområdet og lokalsamfunna og busetnad er også viktig.

7 St.prp. nr. 65 (2002-2003), Miljødepartementet; "Fjellområde – bruk, vern og verdiskaping"



Det me eig, er fortidi og
framtdi. Notidi er me aldri
herre yver.
Difor er det tryggast å halde
seg anten i gamle dagar
eller i framtdi ein stad.
Ein minutt – i grunnen er
det lang tid, du kan gjera
mykje på ein minutt,
vanvyrd han ikkje.”
Olav H. Hauge
(11)

2 Om vernet

2.1 Verneform

Landskapsvern

I medhald av lov om naturvern av 19. juni 1970 nr. 63 §§ 5 og 6, jf. §§ 14, 21, 22 og 23 er området Setesdal Vesthei – Ryfylkeheiane verna som landskapsvernområde med dyrelivsfredning i samsvar med føresegner og kart.

Biotopvern ("Dyrefredning")

I medhald av lov om viltet av 29. juni 1981 nr. 38, § 7, 2. ledd er eit område, Steinbuskardet – Hisdal, verna som biotopvernområde i samsvar med føresegner og kart.

2.2 Verneføremål

I landskapsvernområdet er føremålet:

- Å ta vare på eit samanhengande, særmerkt og vakkert naturområde med urørte fjell, hei og fjellskogsområde med eit særmerkt plante- og dyreliv, stølsområde, beitelandskap og kulturminne.
- Å ta vare på eit samanhengande fjellområde som leveområde for den sørlegaste villreinstamma i Europa.

- Og i biotopvernområdet:

"Steinbuskardet-Hisdal biotopvernområde har til føremål å sikre eit særskilt viktig heilårs leveområde med trekkveggar og kalvingsområde for villrein i Setesdal Vesthei."

2.3 Vernereglar

Kronprinsregentens resolusjon av 28.4.2000 fastsette føresegner for områdeforvaltinga frå same dato gjeldande for:

- Vern av Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane som landskapsvernområde med dyrelivsfredning
- Vern av Steinbuskardet – Hisdal biotopvernområde

Føresegnene syner heimelsgrunnlag, avgrensing og nedfeller føremålet med vernet. Føresegnene gir utfyllande reglar i høve til landskapet, plante- og dyreliv, ferdsel (motorisert og ikkje motorisert), nedfeller krav om forvaltingsplan, reglar for eventuelle unntak frå vernereglane, høve for delegasjon av forvaltingsstyresmakt og høve til oppretting av rådgjevande utval.

3 Framtidig forvaltning av verneområdet

3.1 Overordna mål for forvaltninga

Etter Naturvernlova er det overordna målet med landskapsvern å bevare eigenarta eller vakre natur- eller kulturlandskap. Etter Viltlova kan biotopvern nyttast for å regulere utbygging og annan verksemd for å ta vare på viltet sitt livsmiljø i område som har særleg verdi for viltet. Det overordna målet for forvaltingsplanen og utøvinga av forvaltingsmynde er samanfallande med føremåla med landskapsvernet i SVR, jf. verneføresegnene(8) ;

1 Å ta vare på eit samanhengande, særmerkt og vakkert naturområde med urørte fjell, hei og fjellskogområde med eit særmerkt plante- og dyreliv, stølsområde, beite landskap og kulturminne.

2 Å ta vare på eit samanhengande fjellområde som leveområde for den sørlegaste villreinstamma i Europa.

3.2 Bakgrunn

Forsøket med lokal forvaltning av SVR har utspring i ein lang prosess. På 90-talet vart det lagt fram ein fleirbruksplan. Innhaldet vart vidareført og formalisert i to plandokument etter alternative lovverk; framlegg til fylkesdelplan (etter plan- og bygningslova) og verneplanframlegg (etter naturvernlova). Dei to dokumenta vart lagt ut på parallell høyring. I forlenginga av dette vart Forvaltingsplanutvalet oppnemnt. Utvalet utarbeidde to rapportar, ein (9) som vurderte alternative forvaltingsmodellar /lovverk, og ein(10)som la rammer for etablering av forsøket med lokal forvaltning, organisering osv. Forsøket er fundamentert i utvalet sitt arbeid og desse rapportane..

I verneområdet er det gjort ei mengd dokumentasjon av bruks- og verneinteressene mellom anna i Fleirbruksplanen og i høyringsutkastet til verneplan. I samband med forvaltingsplanarbeidet har ein difor nytta det nemnte materialet inkludert digitale temakart som grunnlag. I tillegg har ein fått tilgang til oppdaterte opplysingar på einskilde tema t.d. turistforeiningane sitt løypenett og anlegg i samband med vasskraftregulering. Kommunane har i tillegg hatt møte med grunneigarar og andre til å peike ut spesielle område og vurdert ev. oppdateringar for einskilde tema, - som t.d. villreintrekk, bruksformer / -interesser i samband med utkast til sonedeling. Utover dette har ein ikkje hatt kapasitet til å sette i verk arbeid med å dokumentere interesser i denne fasen av prosjektet.

8 Kronprinsregenten sin resolusjon av 28.04.2000

9 Forvaltningsplanutvalet; "Alternative forvaltningsmodellar for framtidig heiforvaltning", datert 8. jan 1998 med appendix av 15. jan 1998

10 Forvaltningsplanutvalet; "Ramme for forvaltingsplane setesdal Vesthei" datert 24. sept 1998

11 Olav H. Hauge, Skogen stend, men han skiftar sine tre, aforismar i utval

12 Prosjektdokument for forvaltingsplan Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane handsama og godkjent i styret 2000

3.3 Utmeisling av lokal forvaltingspolitikk

Kriteria som låg til grunn for valet av forvaltingsmodell var;

- Aktiv lokal forvaltning
- Heilskapleg heieforvaltning
- Demokrati, lokal medverknad og identitet
- Likskap i forvaltingsutøvinga
- Ressursar, rasjonalitet og effektivitet

Kriteria må kunne seiast både å vere mål og ønska resultat av forsøket med lokal forvaltning. Forsøket blir evaluert på desse parametrane og "vurdert" ut frå om dei er oppfylte. Det vil difor vere naturleg å utdjupe strategiar og tiltak med sideblikk til desse.

Om lokal forvaltning syner seg vellukka i høve til oppfylting av vernet (verneføremåla) og intensjonane med vernet blir ikkje evaluert.

– Det er ikkje sikkert det er nokon motsetnad mellom strategiar som rettar seg etter kriteria for forvaltingsmodellen (nemnt ovanfor) eller strategiar som er orienterte om vernet og verneføremåla – mellom anna det å ta vare på;

- Landskapet med natur- og kulturkvalitetar
- Viktige delar av villreinen sitt leveområde.

Ein må likevel ha klårt føre seg desse underliggjande tilhøva og moglege motsetnader. (Det er ønskeleg å få til ei evaluering som går på verneføremåla i prøveperioden med lokal forvaltning, eventuelt i samband med revisjon av forvaltingsplanen.)

Då ein fekk delegert forvaltingsmynde og ansvar for å etablere lokal forvaltning i kommunane nedfelte kommunane ein eigen visjonen i prosjektdokumentet(12) ; " Gjennom faktaunderlag og lokalt skjønn, skal Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane forvaltast slik at komande generasjonar får oppleve det mangfaldet og dei naturkvalitetane området har i dag."

Med nytt forvaltingsregime er det naudsynt å definere ståstad og tone; kva kommunane vil legge vekt på – uttrykt i ein lokal verne- eller forvaltingspolitikk. I dette ligg det ambisjonar om nyansering og tilpassing av forvaltingsutøvinga frå stat til kommune, - frå regionalnivå til lokalnivå. I tillegg har den lokale forvaltninga i seg politiske ledd som kan og bør vere med å prege biletet og forvaltingsutøvinga. I prinsippet skal forvaltninga vere lik om den ligg til kommune eller stat, og tolkinga av verneføresegna skal vere like. I det ligg at forvaltninga ville vore lik mellom stat og kommune, under føresetnad av at forvaltingsstyresmakta la til grunn same forvaltingspolitikk.

"Ved å bygge opp tillit til at vi kan forandre verden på lokalsamfunnsnivå, styrkes tilliten til at vi kan forandre verden også på andre nivåer."
Guy Dauncey

"Tvil aldri på at en liten gruppe bevisste mennesker kan forandre verden, det er de eneste som har gjort det."
Margaret Mead

3.3.1 Langsiktig berekraftig forvaltingsutøving

Den lokale vernepolitikken skal vere framtidssretta miljøforvaltning - der ein integrerer lokale miljø- og brukarinteresser med nasjonal vernepolitikk.

Ein vil forme ein forvaltingspolitikk som ikkje representerer statisk vern, og såkalla "hermetisering", men bruk og vern i eit langsiktig, berekraftig perspektiv. Forvaltingspolitikken skal avspegle nye føringar for verneområdeforvaltning i høve til bruk og vern og verdiskaping i tråd med St. prp 65 (2002-2003), St. meld 19 (2001-2002) med ambisjonar om styrking av lokaldemokratiet, og St.meld 25 (2002-2003) og revitalisering av miljøvernpolitikken gjennom innsats frå kommunane m.v..

Like viktig som tradisjonelt vern, er det å ha fokus på haldningar og handlingar som medverkar til ressursnyting, driftsformer og indirekte vedlikehald av kulturlandskapet. Vidare er det viktig ha visjonar for nye bygdenæringar i og omkring verneområdet. Slik kan ein sikre framtidssretta berekraftig bruk av utmarksressursane og oppretthalde t.d. sauehaldet.

Det er eit utbreidd ønske om å legge til rette for utvikling av nye stadbundne natur- og kulturbaserte næringar i og ved verneområdet. Dette er og i tråd med nasjonal politikk innanfor landbrukssektoren - der fokus i seinare tid er sett på "multifunksjonelt landbruk".

Vernet innebar råderettsinnskrenkingar for ein del av eigarane utan noko form for kompensasjon frå styresmaktene. T.d. har tradisjonell utmarksnæring i Bykle omhandla utleige av jakt med husvære og hausting av fiskeressursar gjennom helikoptertransport til eigedomar langt inne i heia. Vernet medfører at slik ressursnyting er vanskeleggjort og til dels avgrensa i høve til tidlegare. Ferdslerestriksjonar og sonedelinga i forvaltingsplanen konkretiserer råderettsinnskrenkingane i høve til framtidig næringsutvikling kontra tilliggjande område. T.d. ved at det normalt ikkje skal gjevast dispensasjon for organiserte turar eller nybygg i sone 1, noko som utan vern kunne vere realistisk for å styrke næringsgrunnlaget for eigarane. Verneføresegn og restriktiv fortolking/praksis i høve til motorisert transport/ferdsle i nærare gjevne område og tider vil redusere potensiell verdi av t.d. utleige i samband med jakt eller fiske.

Lokalt er det viktig å sikre eit handlingsrom for å oppretthalde drift og ressursnyting innafor verna område. Det kan og vere aktuelt å medverke til tiltak for å bøte på dette. Gjennom opning for nye typar næringsutvikling i tråd med vernet kan eigarane og bygdelaga, - oppnå ei form for kompensasjon. I forvaltingsplanen går ein inn på tilhøve og ramar for kva typar verksemd ein generelt er positiv til og kva type ein ikkje ønskjer å opne opp for innafor ramma av vernet.

3.3.2 Differensiert forvaltning

Eit av motiva for å få etablert lokal forvaltning var å få nærleik til utfordringane og ei betre lokal tilpassing av forvaltninga der det er mogleg. Såleis er det viktig å få fram retningslinjer som gjev eit reelt handlingsrom og motivasjon til aktiv forvaltning.

Kommunane har sterk vilje til å forvalte området i tråd med intensjonane med vernet. Det vil vere ei stor utfordring å ta vare både på bruks- og verneinteressene i etableringsfasen av lokal forvaltning / forvaltingspraksis.

Kommunane må finne balansepunktet mellom interessene og definere eit restriksjonsnivå dei er einige om å utøve. Sakshandsaminga må organiserast slik at ein får til ei effektiv forvaltning i tråd med dette. I tillegg er det viktig å vinne forståing og oppslutning om vernet og den lokale forvaltninga. Forvaltninga må difor syte for å formidle kunnskap utover dei som til dagleg er direkte involverte i den lokale forvaltninga.

Arbeidet med forvaltingsplan og differensiert forvaltning går mellom anna ut på å definere dei viktigaste trugsmåla og gjere ei kalibrering mellom type trugsmål og tiltak. Differensieringa skal vere forankra i tematisk dokumentasjon, dvs. sonedelingskriteria og sonemål. Ein må også etablere ein forvaltingspraksis der ein ser proporsjonar mellom tiltak og konfliktgrad med verneføremåla. Det kan gje større spenn i skjønnsutøvinga. Kommunane har hatt lokale prosessar for å kartleggje brukarinteressene og oppdatere behov for differensiering. Dette er nytta som grunnlag for utforminga av heile forvaltingsplanen

Ein ser føre seg at ein gjennom retningslinjene blir meir spesifikk til dei trugsmåla ein oppfatar som viktigast. Det kan føre til at det blir ei meir liberal skjønnsutøving i mindre konfliktfylte saker enn den ein er kjent med frå statleg /regionalt hald, og meir restriktiv til andre typar saker i definerte område/ tider. Slik meiner ein at ein på sikt skape respekt og forståing for vernet.

Vidare ønskjer ein å sette fokus på brukarinteressene og utviklingsmoglegheiter innafor ramma av vernet. I det ligg å peike ut lite konfliktfylte område, periodar og/eller bruksformer. Det kan og nedfellast forvaltingsprinsipp der ein meiner at det er viktig at brukarinteressene skal vektleggjast særskilt, for slik å leggje til rette for å oppretthalde tradisjonell bruk og utvikling av nye bruksformer.

Kvar einskildsak skal vurderast konkret i høve til seg sjølv og verneføremåla. I arbeidet med å etablere ein forvaltingspraksis ligg og utfordringar i høve til at forvaltingsstyresmakta alltid skal vurdere samfunnsnyttan av ein søknad opp mot inngrep(13). I det ligg ei dreining mot liberalisering i høve til tiltak som kjem fleire til gode enn einskild partar. I forvaltingsplanen har ein søkt å innarbeide retningslinjer og føringar slik at ein ikkje skal skape grobotn for konflikt og gradvis råderettsoverføring av private rettar til ålmenta. Det er søkt ivareteke gjennom at forvaltingsstyremakta i saker som råkar private eigarar/ råderettshavarar ikkje handsamar saka utan at det ligg føre naudsynt aksept eller avtale dersom tiltakshavar er ein annan enn rettshavar. Ein har freista å strukturere stoffet via forvaltingspolitikk og tilhøyrande forvaltingsstrategiar, og sidan har ein utdjupe dette i retningslinjer i høve til sone og sakstype.

3.4 Forvaltingsstrategiar

Forvaltninga legg desse 3 strategiane til grunn for planen:

- Sikring av naturkvalitetar – biologisk mangfald
- Berekraftig bruk – levande bygder
- Heilskapleg og aktiv heieforvaltning

Under forvaltingsstrategiane er det formulert delmål for ulike tema og utfordringar innfor verneområdet.

3.4.1 Naturkvalitetar – biologisk mangfald

- Vi skal ta vare på naturkvalitetane som finst i SVR i dag. I verneføresegnene er det nedfelt eit forbod mot innføring av nye artar.
- Eventuelle forvaltingsutfordringar i høve til dei store rovdyra / nye artar i SVR, må handsamast i tråd med den til ei kvar tid gjeldande nasjonale politikken på området. Ein skal likevel legge sterk vekt på omsyn til verneføremåla, og særleg villreinen.
- Rovdyr som ulv og jerv kan bli øydeleggjande for det omfattande sauehaldet og driftsforma med vekt på utmarksbeite.
- Blir sauehaldet borte vil det influere sterkt på kulturlandskapet og ta vekk eit viktig fundament for næringsversemde i heile regionen.
- Gjennom oppsyn og skjøtsel vil ein vere særleg merksam på sårbare artar, (raudlisteartar) og ivaretaking av biotopar og naturtypar som er viktige for desse artane og det biologiske mangfaldet som finst i SVR.

- Forvaltninga skal aktivt dokumentere naturtilstand og endringar i naturtilstand. Det er særleg viktig å medverke til utarbeiding av faktagrunnlag som kan ha noko å seie for forvaltingsutøvinga. Prioriterte område er tema og artar som er dårleg dokumentert, og særleg konfliktfylte tema der det kan vere viktig som grunnlag for å vurdere konsekvensar og ev. strid mellom verne – og bruksomsyn.
- Der det er gjort irreversible inngrep tidlegare og det er mogleg å forbetre naturtilstand gjennom tiltak, skal ein freiste å få sett i verk slike.
- I kulturprega område som er under forfall / attgroing skal ein vurdere skjøtsel/istandsetting og tiltak som kan medverke til å oppretthalde driftsformer. I utpeika område (sone 3) vil det vere naturleg å prioritere særordningar, som SMIL middel osv.
- Forvaltninga skal vere tydeleg og konsekvent i høvet til å skjerme området mot nye inngrep og / eller verksemd / aktivitet som kan tru naturkvalitetane (området sin art eller karakter), eller villreinen.
- I det ligg at ein må vere særleg merksam på trugsmål og forstyring, - dvs. ferdsl og aktivitet i verneområdet og såkalla "samfunnsnyttige infrastrukturtiltak" som vidare vassdragsregulering, framføring av røyrleidningar og kraftlinjer osv.
- Ein skal arbeide vidare med ferdsl og forstyringsproblematikk for villrein, og vil vere oppteken av å få eit samla bilete og kalibrerte tiltak i høve til problemområda. Døme: lågtflyging i samband med militære øvingar, skuter, motorbåttrafikk, og ikkje motorisert ferdsl / organisert ferdsl /løypestrukturar.
- I tråd med overordna styringsstrategiar på nasjonalt plan, skal ein på sikt legge til grunn økosystemtilnærming i naturforvaltninga i SVR.
- I staden for å forvalte dyreartar kvar for seg og skilt frå landskapet dei lever i, skal framtidig forvaltning ta utgangspunkt i samspelet mellom artane og deira liv miljø og søke å løse dette organisatorisk i samarbeid mellom aktørane som i dag har delansvar innanfor og utanfor verneområdet. Samhandling og samarbeid mellom område- og artsforvaltning, t.d. for villrein i heile leveområdet er viktig. Det bør vere eit langsiktig mål å samordne denne forvaltninga innanfor verneområdet.

Forts.neste side.

"Vi har ansvar ikke bare for det vi gjør, men også for det vi unnlater å gjøre,"

Richard Whatley
(engelsk teolog og filosof)

- I tillegg bør og andre tiltak som kan medverke til auka forståing for økologiske tilhøve kring villreinen som art og brukar av leveområde vurderast.
- Naturkvalitetane skal oppretthaldast i kombinasjon med berekraftig bruk som landbruk, jakt og fiske, (enkelt) friluftsliv, undervising, forskning og haldningsskapande arbeid.
- Naturen skal forvaltast slik at artar som finst naturleg blir sikra i levedyktige bestandar, og slik at variasjonen av naturtypar og landskap blir oppretthalden. Vidare skal det biologiske mangfaldet sikrast utviklingsmoglegheter.
- Primært må ein sette fokus på artar og naturtypar som i dag kan vere truga i SVR og tiltak som sikrar framtidig reproduksjon. På sikt skal vatn- og vassdrag forvaltast slik at naturlege økosystem fungerer, utan menneskeleg kultivering. Ein vil nedfelle prinsipp om at terrengkalking ikkje skal føregå i SVR, men at ein kan akseptere kalking i og ved sjølve vassstrengen. Ein vil og legge føringar i høve til utsetting av fisk, at utsetting berre skal omfatte lokale artar og primært lokale opphavlege stammer innanfor nedslagsfeltet.

3.4.2 Berekraftig bruk – levande bygder

”Sunne fjell krev levande bygder.” (14)

Naturvern og omsyn til villrein er fundamentalt for vernet. Det er nedfelt i verneføremåla. I botnen ligg det likevel opning og ønskje om at ein innafor ei berekraftig ramme skal leggje til rette for ressursutnytting, hausting, og naturoppleving for menneskje i dag og i framtida. Det vere seg i samband med tradisjonell drift og primærnæring, i samband med utmarksrelatert hausting og nye natur- og kulturbaserte næringsverksemdar, og ikkje minst i samband med det enkle friluftsliv.

- Vi vil medverke til auka verdiskaping lokalt utan å minske naturen si langsiktige produksjonsevne eller -verdi.
- Vi skal leggje opp til ei utvikling som gjev folk i dag høve til å bruke og oppleve SVR på ein slik måte at ein ikkje øydelegg framtidige generasjonar sine moglegheter til bruke eller å oppleve dei same kvalitetane og ressursane. (15) I det ligg respekt for naturen sine tolegrensar og føre-varprinsippet.
- Fysiske kulturminne og kulturmiljø er ein del av kulturarven. Dei gjer historia levande og skaper forståing for landskap, natur og økonomisk tyding av heiane for menneska. Sikring av kulturmiljø inngår og i den nordiske berekraftstrategien. Forvaltninga må søkje å leggje til rette for at tradisjonell hausting og ressursnytting blir vidareført og at kulturlandskap blir halde vedlike gjennom aktiv bruk. Fornyng og utvikling gjennom nye bruksformer og tileggsnæringar må sjåast som alternativ til ulempene ved ev. nedlegging av drifta i eit langsiktig perspektiv m.o.t. artsrikdom og biologisk mangfald / naturtypar o.s.b. Vernet skal likevel leggje premisser for grad av modernisering og ev. nye bruksformar og søkje å medverke til å oppretthalde verdifulle kulturlandskap gjennom kanalisering av økonomiske verkemiddel og forvaltingspraksis.
- Berekraft i landbruksnæringa er avhengig av at drifta er økologisk forsvarleg og at ein effektivt støttar opp under måla for samfunnsutviklinga. - Det vil mellom anna seie; busetting, sysselsetting i distrikta, beredskap, forvaltning av miljø og kulturlandskap, kulturverdiar og tradisjonar i bygdesamfunnet langt ut over produksjon av mat.

Muntre Eikdølar; Andreas Nøkland, Sigurd Orthe og John Fidjeland



- I det legg ein mellom anna at ekstensive former for naturbruk og hausting av naturen er ønskjeleg å oppretthalde og vidareutvikle.
- Ein ønskjer og å vurdere einskildsaker innanfor kultur- og naturbasert næringsutvikling knytt til bygdene, som ikkje fører til inngrep eller endrar landskapet (sin art eller karakter), trugar villreinen eller lokale økosystem.
- Ein ønskjer å etablere eit forvaltingsregime som er varsamt i høve til å føre opp nye bygningar, då det på sikt kan føre til utholing av vernet eller intensjonane med vernet. Ein vil likevel opne for ei vurdering av småskala utvikling av opplevings- og haustingsrelaterte tilbod, med tilhøyrande enkle husvære. - Primært gjennom rehabilitering av eksisterande bygningar og oppattbygging på gamle tufter. Ein kan vurdere dispensasjonar for små nye bygningar i unntakstilfelle; der det er naudsynt for produktet, der det ikkje er i konflikt med vernet, og der det blir sett i samband med utnytting av samla ressursgrunnlag til eigedomar.
- Enkelt friluftsliv og naturoppleving er eit gode for ålmenta som ein ønskjer å legge til rette for innanfor ei tilretteleggingsgrad som ikkje stir med verneføremål og naturtilstand. Det enkle friluftsliv bør og sjåast som eit langsiktig verkemiddel med tanke på haldningsskapande arbeid og forståing for verdiane heiane representerer. Det kan likevel vere trong for å kanalisere ferdsla til ulike område i periodar av året. Pkt 1.2 d) i verneføreseigna synlegger at det tradisjonelle friluftslivet skal halde fram. (16) I verneframlegget la ein opp til nærare vurdering av løypenett, konfliktområde og trong for endringar i forvaltingsplanarbeidet. I ettertid har nye rikspolitiske dokument retta fokus endå sterkare på friluftsliv som helsefremjande tiltak.
- Forvaltinga skal aktivt medverke til næringsutvikling knytt til støylsmiljø og haustingsrelaterte opplevingar retta mot folk som ferdast i heiane.

14 Øystein Dale, uttalt i innlegg på fjellkonferansen Beitostølen, september 2002 15 Nasjonal strategi for berekraftig utvikling, Utenriksdep.2002

16 Framlegg til verneplan SVR, 1995, s 67




3.4.3 Heilskapleg og aktiv heieforvaltning

Organiseringa sikrar at fleire av kriteriana alt er på plass og ivaretekne. Om ein lykkast med å forvalte området heilskapleg, likt og aktivt botnar i ansvarskjensle og samarbeidsevne hos aktørane.

- Politikken på dette området er eit sterkt signal om å ta felles ansvar for heieforvaltinga. Ein vil sjå einskildsaker i større samanhengar og i langsiktig perspektiv. Gjennom retningslinene til dei ulike sonene vil ein konkretisere korleis forvaltinga skal praktiserast for å søkje å oppfylle desse intensjonane.
- Vidare oppmodar ein aktørane om å vere aktive i både plan- og driftsfasen slik at ein møter framtidige utfordringar og problemstillingar med engasjement, prinsipielle diskusjonar og samordna syn i framkant av konkret sakshandsaming.
- Det lokale handlingsromet skal praktiserast med skjøn og varsemnd.

Utsikt over Lysebotn i Forsand, randområde til SVR
Kjell Helle Olsen



4 Soneinndeling

4.1 Sonekategoriar

Verneområdet er delt inn i 4 sonekategoriar:

Sone 1: Spesiell vernesone

Sone 2: Sone utan nyare tilrettelegging og nye inngrep

Sone 3: Kulturlandskapsone

Sone 4: Sone med spesiell aktivitet

Sonedelingskartet skal vere til hjelp i differensiering av forvaltninga. Det er utarbeidd retningslinjer til ulike sakstypar. Retningslinjene fastlegg ulik restriksjonsgrad med referanse til sonene

4.2 Sonedelingskart

Kartet syner sonedeling med utgangspunkt i kriteria som er nemnde ovanfor.

Figuren er meint som illustrasjon. Meir detaljert sonedeling med teiknforklaring følgjer på s.60.



Steinsbuskardet med utsikt
mot Botsvatn i Bykle

4.3 Sonedefinisjon og døme

Sone 1 Spesiell vernesone

Området som treng spesielt vern pga truga naturverdiar, sårbarheit, eller område som er viktige for samanhengen mellom funksjonsområde for villreinen. Kan gjelde område der ein vil føregripe ev. interessekonflikt mellom bruk og vern ved auka aktivitet.

Gjeld oftast mindre område og/eller periodar av året.

Døme: Trekkområde for villrein, kalvingsområde og viktige område mellom sentrale funksjonsområde og "slukter" m.o.t. opptaking av tidlegare leveområde for villreinen og viktige beiteområde gjennom heile året.

Sone 2 Sone utan nyare tilrettelegging / nye inngrep

Sona omfattar alt areal som ikkje er peika ut i sone 1, 3 eller 4, dvs. hovuddelen av areala i SVR.

Dette gjeld ofte større område som i dag er nytta til ekstensive driftsformer i landbruket (utmarksbeite), jakt og fiske og enkelt friluftsliv.

Områda er delar av leveområde for villrein og anna vilt i heile eller delar av året.

Sona grensar inn til og omfattar magasin og vasskraft-relaterte anlegg. Soneplassering gjev eit signal om at noverande inngrep er akseptert, men og signal i høve til framtidig forvaltingspraksis.

4.4 Forvaltingsmål / -sone

Forvaltingsmål Sone 1

Områda sine produksjonspotensiale og langsiktige berevne som leveområde for villrein skal oppretthaldast på dagens nivå eller forbetrast. Områda skal ikkje reduserast eller fragmenterast meir av nye fysiske inngrep.

Ein må vere særleg restriktiv i høve til å dispensere for nye anlegg eller tiltak som kan endre områda sin art eller karakter, eller som kan fragmentere område som i dag er samanhengande. Ein skal og søke å unngå anlegg og tiltak som på sikt kan gje auka ferdsel, aktivitet og uro, med påfølgjande negative kumulative effektar for reinen.

Sone 1-områda skal forvaltast slik at naturverdiane blir tekne vare på, med særleg vekt på restriktiv områdeforvaltning i høve til potensiell uro av villreinen i sårbare periodar av året. Ein bør difor unngå organisert ferdsel/kanalisering / tilrettelegging og annan aktivitetsauke som kan uroe villreinen.

Forvaltingsmål Sone 2

Sone 2 – områda skal forvaltast med hovudvekt på å ta vare på området sin art og karakter utan nye inngrep og påverknad. Området skal kunne nyttast til tradisjonell bruk og ressursnyttning.

– Oppretthalding av drift i utmarka er viktig for å ta vare på kulturlandskap og plantesamfunn.

I område som er lite sårbare i periodar av året kan ein legge til rette for naturoppleving og nye former for ekstensiv ressursutnytting som ikkje medfører inngrep eller tiltak som endrar landskapet sin art eller karakter vesentleg. Nye former for ressursutnytting og bruk innanfor naturen si berevne er ønskeleg.

Sone 3 Kulturlandskapssone

Sone 3-områda skal gje eit representativt utval av menneskepåverka landskap og anlegg som bør takast vare på og/eller driftast for å haldast ved like.

Område og anlegg, som skil dei frå omgjevnadene ut frå eigenart eller karakter;

- Med særmerkte kvalitetar/ verneverdi av naturfagleg eller kulturhistorisk tyding.
- Med særleg bruksverdi og/eller særmerkte bruksformer.
- Som er viktig for å oppretthalde tradisjonell bruk / ressursutnytting og hausting av naturen som ulike levande tidsbilete med tilhøyrande artsmangfald / naturtypar som fordrar skjøtsel og drift
- Viktig døme ut frå kulturhistorie (epokar og hendingar avspegla i SVR)
- Viktig døme på lokal byggeskikk
- Særmerke eller særleg verdi for ålmenta og friluftslivet
- Potensiale for utvikling av natur- og kulturgjevne kvalitetar

Sona omfattar t.d. stolar / tidlegare gardsanlegg- gamal produktiv barskog- historiske bygningar- tidstypiske døme frå ulike epokar

Sone 4

Gjeld mindre område /anlegg;

- der det er gjort inngrep eller eksisterar verksemd er lite foreineleg med vernet
- aktuelle område for avbøtande tiltak / pårekelege inngrep for samfunnsviktige aktørar dei nærmaste åra
- der det er trong for særskilte føringar for bruken/drifta, området eller anlegget (rehabilitering/ etterbruk)der det er strategisk viktig eller særleg eigna å legge til rette / etablere informasjons- og haldningsskapande tiltak for publikum

Forvaltingsmål Sone 3

Framtidig bruk av sone 3 område og anlegg skal avpassast føremålet med vernet.

Områda kan ev. vidareutviklast i tråd med vernet, med fokus på berekraftig hausting og bruk.

Områda kan dersom det ikkje er i strid med verneføremåla eller samfunnsmessige mål, tilretteleggast til beste for eigar, ålmenta og/eller i samband med næringsutvikling. Forvaltinga bør stimulere til vedlikehald og bruk gjennom å prioritere særordningar som "SMIL" til utpeika område/anlegg.

Sone3-områda skal forvaltast slik at ein får dokumentert (verne-) verdiane før ev. (skjøtsels) tiltak.

Ev. tiltak skal vere fagleg fundamenterte og vurderte, og vere innafor berekraftomgrepet.

Forvaltingsmål Sone 4

Sone 4-områda skal forvaltast slik at miljø og naturverdiane på sikt blir forbetra, eller slik at samfunnsnyttige og haldningsskapande tiltak blir etablerte og lokaliserte på utpeika stader.

5 Praktisering av verneføresegna



24

Eit godt hundeliv
Forvaltingssekretariatet SVR

Verneføresegna listar opp tiltak som er forbodne, tiltak som det kan gjevast løyve til på nærare vilkår (spesifiserte dispensasjonar) og unntak ein kan gje løyve til i særskilde høve (generell dispensasjonsheimel). I teksta bakanfor er løyve og dispensasjon brukt litt om ein annan, - formelt er uttrykket "løyve" og å oppfatte som dispensasjon i medhald av verneføresegna.

I sakshandsaminga skal saker først vurderast i høve til verneføresegna, ev. supplerast med vedtak i medhald av særlov.

Det lokale handlingsromet er avgrensa av rammene i verneføresegna og den forvaltingspolitikk som blir lagt til grunn for utøvinga av skjønn i sakshandsaminga. Forvaltingsmål og sonedeling legg føringar for differensieringa og skjønnsutøvinga i tillegg til forvaltingspolitikken som er utdjupe med retningslinjer til ulike tema.

Rundskriv av november 2001 "Naturvernloven - Forvaltning av verneforskrifter" (17) skal leggjast til grunn. Rundskrivet gjeld i fyrste rekkje krav til sakshandsaming i høve til verneføresegna.

I MD sitt foredrag til Kronprinsregenten sin resolusjon er det ein del føringar for tolking av verneføresegna.

Kommunane har og andre temaopplysingar t.d. over truga og verneverdige artar/ naturtypar og lokalitetar og verneverdige kulturminne som ikkje er spesifiserte i planen. Slike temaopplysingar skal likevel gå inn i vurderingsgrunnlaget i kvar einskildsak dersom det er aktuelt å gje løyve til tiltak i medhald av verneføresegna og forvaltingsplanen.

17 Direktoratet for Naruforvaltning, rundskriv 2001 " Naturvernloven – Forvaltning av verneforskrifter"

18 St.meld.nr.39 (2000-2001) Friluftsliv. Ein veg til høgare livskvalitet.

5.1 Friluftsliv og ikkje-motorisert ferdsel

Det enkle friluftsliv og naturoppleving er eit gode for ålmenta som ein ønskjer å legge til rette for innanfor ei tilretteleggingsgrad som ikkje er i sti med verneføremål og naturtilstand. Det bør og sjåast som eit langsiktig virkemiddel med tanke på haldningsskapande arbeid og forståing for verdiane heiane representerer. - Det kan likevel vere naudsynt å kanalisere ferdsla til ulike område i periodar av året, jf. sonedelinga og tilhøyrande mål. Ut frå dette kan det kome framlegg til omleggingar av løyper og flytting av hytter.

Det enkle friluftsliv blir oppfatta som ein aktivitet som blir drive på individuell basis ev. av ideelle organisasjonar som er opne for alle. Det kan og vere friluftsliv i regi av offentlege institusjonar som del av kunnskapsformidling / haldningsskaping, t.d. skular. Pr. i dag har ein ikkje funne det naudsynt å avgrense slik bruk, snarare at ein må ha fokus på at fleire skal få høve til å drive dette som helsefremjande, trivselsskapande og miljøvennleg aktivitet(18).

Framover vil ein utarbeide informasjonsmateriell med relevant og målretta innhald.

Friluftslivet er i endring og nye former for friluftsliv blir aktualisert. I SVR vil ein ha fokus på det enkle tradisjonelle friluftslivet, gjennom jakt og fiske, plukking av bær og sopp og turgåing. Ålmenta, og særleg barn, unge og familiar skal vere målgrupper for tilrettelegginga.

Ein skal og søkje å leggje til rette for naturoppleving og friluftsliv for funksjonshemma på egna stader, t.d. ved Brokke-Suleskardvegen. I SVR skal ein leggje til rette for ikkjemotoriserte aktivitetar og aktivitetar som ikkje fører til slitasje i terrenget. I SVR er det likevel naturleg at ein opnar for auka meistring av uteopphald og ekstremopplevingar, t.d. vinterstid.

Det kan likevel syne seg framover at ideelle verksemdar blir meir kommersielle og at organiserte turar blir eksklusive eller ekskluderande i høve til ålmenta. Ein kan sjå føre seg lukking av turisthytter i periodar for utleige til spesielle grupper i kombinasjon med t.d. jakt og fiske. Det kan endre føresetnadene og grunnlaget for verksemda, og føre til at ein må nedfelle andre vilkår for drifta gjennom forvaltingspolitikken og framtidig sakshandsaming.

Forvaltninga skal aktivt medverke til næringsutvikling knytt til støylsmiljø og haustingsrelaterte opplevingar retta mot folk som ferdest i heiane.



Vandrar
Rune Roalkvam

Utsikt mot Monsvassdraget
i Valle – Byglandsheiane
Forvaltingssekretariatet SVR

På villreinjakt i Revsdalen
Knut Erik Paulsen

Kaffitår
Forvaltingssekretariatet SVR



Dispensasjonar til å utøve kommersiell turisme i form av fjellføring kan berre gjevast unntaksvis og i spesielle tilfelle i sone 1. Omlegging av turistløyper for å redusere konfliktnivået med villrein kan vere aktuelt.

”Noreg på langs” er eit viktig omgrep og ferdsel langfjella til endes er i seg sjølv eit mål for dei få. Det er likevel så særmerkt og konfliktgraden blir vurdert som så liten at ein bør finne traséar for at det skal finnast merka løypenett for slike turar i store delar av året. På kartet må ein vurdere alternativ i Steinsbuskardet og nord-sør aksen, - det gjeld særleg kvisting i trekk og kalvingsperioden /biotopvernområdet.

For å førebygge ev. framtidig konflikt mellom grunneigarane og frivillige organisasjonar / kommersielle aktørar, bør forvaltingsstyresmakta ikkje godkjenne etablering av løyper eller handsame søknader om organisert ferdsel der privatrettslege tilhøve ikkje er avklåra med grunneigarane i framkant. Ved handsaming av søknader skal forvaltingsstyresmakta i saksførebuinga halde møte der partane er samla, og der ein drøftar tiltaket og ev. vilkår for løyve.

I område med særleg stor ferdsel og slitasje på naturen skal forvaltinga påleggje tiltak for å bøte på dette i tråd med retningslinjer for slike tiltak.

Villreinen er eit av vereføremåla. Han skal i varetakast i heile verneområdet. I sone 1-områda er villreinen overordna friluftslivs- og reiselivsinteressene og desse sonene vil difor aktivt bli skjerma for kanalisering og auka aktivitet. Bruk – t.d. gjennom hausting, det enkle friluftslivet og helsefremjande uteopphald treng ikkje å vere konfliktfylt i høve til villrein i sone 2,3 og 4 delområde / tider av året. Forvaltinga vil søkje å medverke til at slik bruk kan halde fram og utviklast så langt det ikkje er i strid med omsynet til vernet- eller villreinen.

Forvaltingsstyresmakta skal settje i verk restriksjonar i medhald av verneføresegnene og ev. særlover som er i tråd med vernet og intensjonane med vernet. Stenging av anleggsveggar er aktuelt for å avgrense ferdsel inn i sårbare område/periodar.

UTDRAG FRÅ VERNEFØRESEGNA OM
LANDSKAP, FRILUFTSLIV, JAKT, FISKE, LØYPER
OG IKKJE- MOTORISERT FERDSEL

II. **Avgrensing**

Innafor landskapsvernområdet er det særskilde kalvingssoner og trekksone for villrein med ferdselreguleringar. Grensene for desse sonene er teikna inn på kartet. Direktoratet for naturforvaltning kan ved forskrift oppheve ferdslereguleringane eller endre grensene for desse sonene.

Forbod

For landskapsvernområdet gjeld følgjande reglar (utdrag frå føresegna):

1. Landskapet
 - 1.1 Det må ikkje gjerast inngrep som vesentleg kan endra eller innverke på landskapet sin art eller karakter.
I dette er medrekna:
Oppføring av bygningar, anlegg og faste innretningar, framføring av luftleidningar, jordkablar og røyr, bygging av vegar og rasteplassar, oppsetting av autovern, drenering og anna form for tørrelgging, uttak, oppfylling, planering og lagring av masse, lausbryting og fjerning av stein og mineral, bergverksdrift, vassdragsregulering, gjødsling, sprøyting med kjemiske midlar, nydyrking, såing, planting, endring i samansetnaden av treslag ved skogkultur, plassering av campingvogner og bubar. Opplistinga er ikkje uttømmande.
Fylkesmannen avgjer i tvilstilfelle om eit tiltak kan endre landskapet sin art eller karakter vesentleg.
 - 1.2 Reglane i 1.1 er ikkje til hinder for:
 - c) Vedlikehald av merka, eksisterande stiar og løyper. Forvaltningsstyremakta kan nekte vedlikehald av merka stiar og løyper når det av omsyn til føremålet med vernet er ønskjeleg å redusere ferdselen i einskilde område.
 - 3.2 Jakt er tillate etter viltlova sine reglar.
 - 3.3 Fiske er tillate etter lakse- og innlandsfiskeloven.
- Kan tillast etter søknad på nærare vilkår:**
- 1.3 Når verksemda eller tiltaket kan skje utan at det strir mot føremålet med vernet, kan forvaltningsstyresmakta på nærare vilkår gje løyve til:
 - d) Opparbeiding og merking av nye turstiar og løyper.

4. Ferdsl (ikkje motorisert ferdsl)

All ferdsl skal skje omsynsfullt for ikkje å skade natur- og kulturverdiar, forstyrre dyrelivet eller beitedyr eller vere til ulempe for andre.

- 4.1 Arrangørar av større organiserte arrangement som idrettsarrangement, jaktprøver, store teltleirar og militærøvingar, må søke forvaltningsstyresmakta om løyve til arrangementet.
- 4.2 I dei særskilde kalvingssonene Storenos (1), Vatnedalsheii (2), Ratevassnuten (3) og Svarvaren (4), og i trekksona Breidvatn (5) som er avmerkt på kartet, er all ferdsl forbode i tidsrommet f.o.m. 25. april t.o.m. 31. mai. I dei særskilde trekksone Svarteløkfjellet (6), Vardsvatn-Kvislevassknuten (7), Andersvatnet- Børsteinvatnet (8) og Steinbuskardet (9) er all ferdsl forbode f.o.m. 15. april t.o.m. 20. mai.
 - 4.2.1 Forbode i pkt. 4.2 er ikkje til hinder for:
 - a) Ferdsl som følgjer veg og merka løype.
 - b) Naudsynt ferdsl i samband med akutt behov for tilsyn og førebygging av utbetring av skade på kraftanlegg
 - c) Naudsynt ferdsl for grunneigar for tilsyn av eigedomen sin.
 - d) Ferdsl i samband med militær operativ verksemd, ambulanse-, politi-, brannvern-, sikrings-, oppsyns-, skjøtsels- og forvaltningsverksemd.
- 4.3 Bruk av ridehest og sykkel i utmark er berre tillate langs særskilde trasear som er kartfesta i forvaltningsplanen.
- 4.4 Innafor nærare avgrensa deler av landskapsvernområdet kan Direktoratet for naturforvaltning ved forskrift forby all slags ferdsl heile året eller ein del av året når ein reknar det naudsynt for å verne naturmiljøet eller dyrelivet.
- 4.5 Forvaltningsstyresmakta kan gjere unntak frå forbode i pkt. 4.2 i særlege tilfelle når det ikkje strir mot føremålet med vernet, sjå pkt. VI.



Merka løype i Stakkedalen
Forvaltingssekretariatet SVR

Ved Kringlevatn
Forvaltingssekretariatet SVR

DEFINISJONAR – AVGRENSINGAR – LØYPER OG SONER

Temakart syner etablerte merka turistløyper, jf. 4.2.1 a) i verneføresegna.

Kartet syner sommarløyper (merka trase) og vinterløyper (stikka/preparert trase). Desse er rekna som godkjente løyper i høve til teiknforklaring.

Kartet syner og framlegg til justering/omlegging av ein-skilde parsellar ut frå verneomsyn, jf. pkt. 1.2 c) i verneføresegna. Endringane er å oppfatte som at ein ikkje skal godkjenne stikking/ remerking av parsellar der det er framlegg til nye alternative løyper. - Temakartet syner nye trasealternativ og hytteplassering der det er aktuelt.

GENERELLE PRINSIPP OG TOLKINGAR I HØVE TIL VERNEFØRESEGNA

I høve til verneføresegna og ferdselsrestriksjonar legg ein til grunn følgjande tolkingar/utdjujingar:

- "Ferdsl langs merka løyper" – merka løype i høve til temakart delt inn i sommarløyper (barmark) og vinterløyper (snødekt mark – stikka og ev. preparerte løyper) – "godkjente trasear" er avklåra gjennom desse. Ved vurdering av søknader om etablering av nye løyper (merking, stikking/preparering) skal styresmakta vurdere søknader særleg restriktivt i sone1-område, og meir liberalt i lite sårbare område/tider, dvs. sone 2,3 og 4. Ein ser at dei sørlege områda kan tole løyper i avgrensa tider dersom ein har ein praksis som sikrar omlegging/avvikling viss det skulle vere villrein i områda, - dette kan ein ivareta gjennom vilkår knytta til løyvet.

- Ferdslsrestriksjonane som er knytta til kalvings- og trekkområde medfører at ein ikkje kan gje løyve til motorisert ferdsel for å stikke eller preparere løyper gjennom desse områda i restriksjonsperioden. Vinterløypene vil bli godkjent/revidert i samband med søknad om løyve til stikking/preparering. For vintermerking av løyper må løyvet syne trasé med høve til tilpassing etter lokale snøforhold og isdekke på vassdrag.

- Merking av vinterløyper skal vere fjerna innan 15.april, eller seinast 3. påskedag dersom påska er seinare enn denne datoen. I område med ferdselsrestriksjonar (kalving og trekk) vil det såleis vere eit generelt ferdselsforbod i resten av restriksjonsperiodane/-områda. Pr definisjon vil det ikkje vere merka eller godkjent løype før barmarkssesongen - tidlegast rekna frå 1.juni, i restriksjonsområda for kalving og trekk. (Avgrensinga gjeld likevel ikkje dei som har motteke dispensasjon til motorisert ferdsel i medhald av unntak i verneføresenga, jf. 4.2.1 a).

- Løypenettet skal leggjast slik at det blir liten konflikt med verneomsyn og i særleg grad villreinen sin områdebruk. Forvaltingsstyresmakta skal på eige initiativ ta opp behov for omlegging av løyper i heile eller delar av året med ansvarleg for løypa og primært legge til rette for alternative trasear der det er mogleg å få til på frivillig basis.

- Jf. lov om motorisert ferdsel i utmark er vegar å oppfatte som utmark i snødekt tilstand (vinterstenging). I høve til verneføresegna og pkt om "Ferdsl langs veg"; veg er avgrensa til å omfatte vegar i barmarkssesongen /vinterbrøyta vegar. (Merk og at det på ein-skilde anleggsvegar i tillegg er avgrensa ferdsel (motorisert) i medhald av konsesjon for vassdragsutbygging.)

- Ved godkjenning av søknader om løyper skal det knytast vilkår til merking, skilting, ansvar for vedlikehald og ev. tiltak for å bøte på terrengslitasje/skade. Løyper skal merkast i tråd med DNT sin rettleiar – "merkehandboka". Ein presiserer likevel at det ikkje skal settjast opp vardar/varderekjer langs løypene.

- Ved remerking av eksisterande løyper skal den som er ansvarleg for tiltaket sende melding til forvaltingsstyresmakta.

5.1.1 Allemannsretten – ferdsel i utmark

Fri ferdsel i utmark skal vera retningsgivande for verneområdet utanom område med restriksjonar nedfelt i verneføresegn / kart. Direktoratet for naturforvaltning kan i særskilte tilfelle innføra ferdselsforbod i delar av området. Dette vil berre unntaksvis vera aktuelt for mindre og avgrensa område der ferdsel utgjer direkte trugsmål mot verneverdiane.

5.1.2 Organisert ferdsel

Restriksjonar på organisert ferdsel er tekne med for å sikre dialog mellom brukarar og forvaltning og for å gje forvaltingsstyresmakta høve til styra ferdsela og redusere konfliktane i høve til dyrelivet og sårbar natur. Utviklinga viser at både norske og utanlandske turoperatorar i stadig større grad utviklar nye tilbod som over tid kan verta eit trugsmål for verneverdiane. Kontroll med større arrangement og organiserte turar vil difor vera førebyggjande mot slitasje og skade og sikre at ålmenta framleis har rett til fri ferdsel i framtida. Det er likevel slik at det er tiltaket sin ev innverknad på verneføremåla som skal vurderast ved søknader, - ikkje om tiltaket er kommersielt eller ikkje.

- Ein definerer organisert ferdsel / arrangement til å gjelde grupper med deltakjing av 10 (21) personar eller meir i sone 1, og tilsvarande grupper med 30 personar eller meir i sone 2,3 og 4. Stafettliknande arrangement / kjentmannsturar og liknande gjennom sesongen fell og innanfor denne definisjonen.
- Skuleklassar og barnehagar treng ikkje å søkje om løyve når området vert nytta som turområde – med unntak av ferdsel i sone 1 i restriksjonsperiodane. Det same gjeld andre grupper av tilsvarande storleik og karakter, dersom dei nyttar godkjente løypetrasear / overnattingstader, eller ikkje let telt stå i same område over to døgn. For å etablere meir faste referanseområde med organisert ferdsel for feltarbeid i undervising / forskning skal det søkast om løyve, herunder med ev. behov for motorisert ferdsel.
- Ordinær ferdsel frå einskildpersonar og turfolk langs merka løype er ikkje meint omfatta av dette.
- Ein bør ikkje gje løyve til større arrangement og organisert ferdsel som regelmessig fører så mykje folk inn i eit avgrensa område at det kan ha negativ innverknad på verneverdiane, eller som kjem i konflikt med næringsinteresser / tradisjonelt enkelt friluftsliv. Større arrangement bør i hovudsak lokalisert til sone 2,3 og sone 4. I sone 1 vil ein ha restriktiv haldning til søkander om guida turar /organisert ferdsel i sårbare område/tider, og ein restriktiv løyvepraksis med avgrensing av tal på turar / omfang og strenge vilkår for ev. dispensasjonar for slik å avgrense aktiviteten.

- Ein bør unngå å gje løyve til arrangement i område med:
 - liten slitestyrke, t.d. fuktige område og myrområde
 - tider av året der rovfugl og sårbare artar hekker (apr- aug)
 - sårbare område/tidsperiodar for villreinen (jf. sone1)
- For å sikra verneverdiar bør ein setja vilkår for større arrangement. Aktuelle vilkår kan vera at ein nyttar etablerte stiar/løypetrasear, at ein ikkje legg frå seg avfall, ikkje set opp vardar eller andre byggverk og at det ikkje vert etablert nye større bål plassar/ gruer og at arrangementet blir gjennomført i lite sårbare tider / område.
- Forvaltingsstyresmakta bør orientere søkjarar om plikta til å innhente løyve/ aksept frå grunneigar i tillegg til handsaming etter verneføresegn og ev. anna offentleg regelverk. (Gjeld saker der søkjar er ein annan enn grunneigar) Det er viktig at det i ev. løyve blir fastsett vilkår for nye verksemdertiltak for å førebygge skadeverknader og konflikter.
- Friluftsmøte, idrettsstemne (f.eks. skirenn eller orienteringsløp) og liknande samkomster som kan medføre nemne verdig skade eller ulempe, kan ikkje haldast utan samtykke av eigar eller brukar av grunn der avsperring blir føreteke, samling, start eller innkomst finn stad eller der samanstimling av folk for øvrig må påreknast, jf. friluftsløva.
- Alle militære øvingar og øvingar for operative tenester (brann, politi, oppsyn osv) og arrangørar av andre større arrangement, t.d. idrettsarrangement, skal søke om løyve. Forvaltingsstyresmakta skal vurdere behov, tidspunkt, lokalisering, omfang (tal personar/ ev. bruk av motorisert køyrety/ kor lenge / tidspunkt) i høve til sårbare område / periodar, ansvar for gjennomføring og avvikling og ev. avlysing ved konflikt med villreinomsyn og ev. fastsette naudsynte vilkår for ev. gjennomføring. Ein føreset samordning av vilkår mellom kommunar dersom søknaden omfattar fleire kommunar.
- Søknader som vedkjem meir enn ein kommune bør helst handsamst parallelt, med samråding mellom kommunane i saksførebuinga. Søknad kan rettast til den kommunen der tyngda av tiltak/ arrangement vil finne stad. Kommunen som mottek søknaden skal syte for rask oversending av sak til dei andre dette vedkjem.
- Ein skal unngå unødige regulering og kontroll. Faste arrangement bør kunne få fleirårige løyve. For Turistforeininga og andre interessegrupper bør ein kome fram til praktiske ordningar med førehandsmelding av aktuelle planar om turar i sårbare område /tider (sone1).

5.1.3 Bruk av hest og sykkel

Organisert bruk av hest og sykkel kan føra til omfattande slitasje på vegetasjon og løypenettet og koma i konflikt med tradisjonelle fotturistar og næring/beitebruk. – Samstundes kan utvikling av slike kultur og naturbaserte opplevingsturar gje positive ringverknader og næringsgrunnlag i tilliggjande bygder. Pr i dag er det ikkje kjende konflikter i høve til organisert bruk av sykkel eller hest. Ein ser det difor ikkje som naudsynt med ei nærare fastsetjing av aktuelle trasear no.

- Restriksjonane i verneføreseigna gjeld organiserte rideturar. Føreseigna er ikkje til hinder for sporadisk bruk av ridehest / kløvhest i heile SVR. Ein bør stimulere til bruk av hest, t.d. for transport av proviant, utstyr og felt vilt som alternativ til motorisert ferdsel. I framtida vil ein likevel ikkje gi løyve til organisert bruk av hest og sykkel i sone 1 - medan det bør vere mogleg å finne fram til akseptable trasear i sone 2,3 og 4 utanom sårbare område og tider.
- Restriksjonane på bruk av sykkel skal oppfattast som restriksjonar på sykling i terreng og på stiar, men ikkje på kjørevegar.

5.1.4 Merking av løyper

- Eksisterande sommar og vinterløyper (godkjente trasear) er kartfesta på temakart.
- Merking av løyper/ruter skal skje i høve til DNT sin merkehandbok. (Mellom anna skal kvisting av vinterløyper være med vanlege norske treslag).
- Ev. motorferdsel for merking / kvisting av vinterløyper bør skje i eit så konsentrert tidsrom som mogleg. Vedlikehald av kvista løyper bør skje utan bruk av motoriserte køyrety i restriksjonsperiodane.

5.1.5 Merking av nye løyper og omlegging av gamle løyper

- Aktuelle nye løyper / omlegging av løyper er kartfesta på temakart.
- Før etablering av nye trasear må ein undersøka nøye om tiltaket vil kunne ha negativ innverknad på verneverdiane. Dersom aktuell trasse kjem i konflikt med eit eller fleire av punkta nedafor bør ein ikkje gje løyve til merking:
 - Innafor sone 1 i restriksjonsperiodane
 - Område der det er registrert hekking av rovfugl – viktige funksjonsområde for raudlistearter
 - Område som er viktige i høve til villreintrekket, eller som har vore nytta som kalvingsområde
 - Område der det er registrert sjeldne plantesamfunn
 - Område som er så uframkommelege, eller fuktige område der ein må gjere store inngrep for å få ein akseptabel standard på stien.
- Tiltakshavar pliktar å avklære tiltaket i høve til grunneigar.

5.1.6 Klopper og bruer

Vedlikehald og tilrettelegging av løyper omfattar og naudsynte klopper og bruer.

- I framkant av tiltaket skal forvaltingsstyresmakta kontaktast for å gje ev. råd og fastsette eventuelle vilkår til plassering, utføring, materialbruk osb.
- Tiltakshavar pliktar å avklære tiltaket i høve til grunneigar.
- Restriksjonar i høve til nye bruer og kloppelegging er teke med for å sikra dialog mellom brukara og forvaltning og å gje forvaltingsstyresmakta høve til styra slike anlegg både når det gjeld lokalisering og utforming. Ein ønskjer tilpassing til lokal byggeskikk og at eventuelle spor etter tidlegare anlegg som kulturminne bør sikrast. Ein vil og sikra at slike anlegg ikkje fører mykje folk inn i område som er sårbare i høve til ferdsel, eller der det kan oppstå konflikter med næringsutøving.
- Forvaltingsstyresmakta skal kontaktast i framkant for vurdering av plassering og fastsetting av eventuelle vilkår for flytting av eksisterande bruer / klopper.
- Dispensasjon i høve til dette krev søknad med detaljert lokalisering, typeteikning, og ein kan setja vilkår om synfaring med kulturminnestyremakta og skrifteleg aksept frå grunneigar om tiltakshavar er ein annan.

5.1.7 Rasteplassar og skilting

Regelverket set forbod mot etablering av rasteplassar innafor verneområdet. Langs Brokke-Suleskardvegen blir det arbeid med ein "plan for småtiltak" som mellom anna omfattar fjerning og flytting av einskilde rasteplassar. Ev. unnatak for etablering av nye skal vere i samsvar med nemnte plan og i sone 4-område.

- Oppføring av skilt og annan uteinformasjon skal klareast både med grunneigar og forvaltingsstyresmakt, og kan ikkje finne stad før det ligg føre skrifteleg løyve / aksept frå bae.
- Skilt skal helst setjast opp utafor vernegrensa og helst ved mykje nytta innfallsportar / lokaliserte informasjonsstader, jf. sone 4. Det kan og vera aktuelt å setja opp informasjon i tilknytning til eksisterande bygg/anlegg.
- Det skal helst nyttast naturmateriale som rammeverk for skilting innafor verneområdet.
- Oppføring av offentleg uteinformasjon skal ha ein einsarta grafisk profil i tråd med logo og merkantile trykksaker i SVR.

Om serviceanlegg (toalett og andre mindre bygningar langs kjørevegar) – sjå og kap under tekst om veganlegg.



Oppsyn i felten
Forvaltingssekretariatet SVR

5.1.8 Turisme og nye former for utmarksaktivitetar

- Tradisjonelt friluftsliv, i hovudsak fotturisme og skiutfart, skal prioriterast i tilfelle der det oppstår konflikt mellom desse aktivitetane og andre former for friluftsliv.
- Større anlegg og omfattande turisme skal lokaliserast utafor verneområdet.

5.2 Motorisert ferdse

Forvaltinga skal vere tydeleg og konsekvent i høvet til å skjerme området mot nye inngrep og/eller verksemd/aktivitet som kan tru naturkvalitetane (området sin art eller karakter), eller villreinen. I det ligg særleg merksemd retta mot trugsmål og forstyrning, - dvs. ferdse og aktivitet i verneområdet og såkalla "samfunnsnyttige infrastrukturtiltak" som vidare vassdragsregulering, framføring av røyrleidningar og kraftliner osv. Ein bør arbeide vidare med ferdse og forstyringsproblematikk for villrein, og vil vere oppteken av å få eit samla bilete og kalibrerte tiltak i høve til problemområda. Døme: lågtflyging i samband med militære øvingar, skuter, motorbåttrafikk, og ikkje motorisert ferdse / organisert ferdse / løypestruktur og praktisering av verneføresegna i restriksjonsområda.

Ein vil ta felles ansvar for heieforvaltinga og særleg innanfor motorferdselpolitikken er det viktig å sjå einskildsaker i større samanhengar og i langsiktig perspektiv. Gjennom retningslinene til dei ulike sonene vil ein konkretisere korleis forvaltinga skal praktisere for å søkje å oppfylle desse intensjonane.

I motorferdslesakene er det i utgangspunktet stort spenn i behov og praksis mellom kommunane. For å få til likskap og heilskap framover i både plan- og driftsfase er intensjonane at ein vil ha eit tett samarbeid mellom sakshandsamarane. Slik vil ein møte framtidige utfordringar og problemstillingar med engasjement, prinsipielle diskusjonar og samordna syn før dei blir konkret sakshandsama.

Det lokale handlingsromet skal praktisere med skjønsemd og varsemd. Ressursane med urørt natur, ro og stille skal prioriterast.

UTDRAG FRÅ VERNEFØRESEGNA – MOTORISERT FERDSE

5 Motorisert ferdse

- 5.1 a) Motorisert ferdse på land er forbode.
b) Lågtflyging under 300 m over kalvingsområde og trekksoner, jf. kap. II, er forbode.
c) Start og landing med motordrivne luftfarty er forbode. Med landing forstå ein også henting og bringing av passasjerar og gods sjølv om landing i fysisk forstand ikkje finn stad.
- 5.2 Vegen Brokke-Suleskard skal vere stengd i tidsrommet f.o.m. 1. november t.o.m. 20. mai. Vegen skal ikkje brøytast før 12. mai der han kryssar trekksona Vardsvatn-Kvislevassknuten.
- 5.3 Forbodet i pkt 5.1 gjeld ikkje:
 - a) Motorisert ferdse i samband med militær operativ verksemd, ambulanse-, politi-, brannvern-, sikrings-, oppsyns-, skjøtsels- og forvaltingsverksemd. Øvingskøyring i samband med desse føremåla krev særskild løyve.
 - b) Motorferdse på veg, her også anleggsvegar etter gjeldande konsesjonsvilkår.
 - c) Landing med motordrivne luftfarty for henting av felt storvilt på eller ved følgjande vatn: Krokevatn, Ratevatn, Bånevatn, Storsteinvatnet, Ormsavatn og Karlsvatn i Bykle, Bossvatn i Valle, Storevatn i Sirdal og Kolsheivatn, Monsvatn, Storolavsvatn og Lykkjevatn i Bygland kommune. All lufttransport skal meldast til forvaltningsstyresmakta før transporten tek til.
- 5.4 Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gje løyve til:
 - a) Naudsynt luft og snøskutertransport som trengst i samband med:
 - jord- og beitebruk, t.d. frakt av gjerdeutstyr
 - frakt av ved eller hogstvirke
 - frakt av felt storvilt
 - kalking.
 - b) Naudsynt luft- og snøskutertransport som trengst ved tilsyn og vedlikehald av kraftanlegg, sjå pkt 1.2. d. Ved akutte behov for slik transport skal det sendast melding.
 - c) Naudsynt luft- og snøskutertransport av materialar til hytter, klopper mv. og av brensele, utstyr og proviant til hytter og buer.
 - d) Opning/stenging av Brokke-Suleskardvegen ut over dei faste tidspunkta, ved heilt spesielle forhold og da etter retningslinjer gitt i avtale av 12. april 1999 mellom fylkesmannen i Aust-Agder og Statens Vegvesen.

GENERELLE PRINSIPP OG TOLKINGAR I HØVE TIL VERNEFØRESEGNA

På sikt skal ein arbeide for å forvalte SVR som eit område utan unødvendig støy, dvs. til eit minimum. Ein skal prioritere å sjå eit samla bilete av ferdsel med støy- og uroing i høve til villreinen sin områdebruk og årstidsvariasjonane. Med bakgrunn i det skal ein syte for å sette i verk ein forvaltning som gagnar verneføremåla. I det ligg ei kalibrering av tiltak i høve til proporsjonane i trugsmåla. Ny forvaltingspolitikk på dette området skal innarbeidast etterkvart som eksisterande løyve går ut og det blir søkt om nye.

Motorferdselspolitikken skal vere meir restriktiv i sone 1 enn utanfor. Ein skal prøve å unngå at det blir gitt løyve til motorisert ferdsel i kalvings- og trekkperioden for villreinen. Ein skal vere varsam med å gje løyve i desse områda i fostringstida fram til slutten av juni. Vidare skal ein søke å samordne den naudsynte lovlege ferdsla og slik medverke til minst mogleg omfang.

Ferdslerestriksjonane i verneføresegna knytt til kalvings- og trekkområda var meint og å gjelde motorisert ferdsel. Ved vurdering av søknader og i ev. løyve skal det difor fastsettast vilkår med plikt til å varsle oppsynet før ev. ferdsel i restriksjonsperioden / områda. Det skal og fastsettast vilkår om at det ikkje er høve til ferdsel i samband med stikking eller preparering av løyper i restriksjonsperiodane.

Ferdsel i samband med energiproduksjon

I verneforskrifta for SVR, kap IV p 1.2 d og 5.4 b, har ein med omgrepa manøvrering, vedlikehald og tilsyn også meint den ordinære drifta av kraftanlegga. Punktet skal difor oppfattast slik.

I Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane ligg fleire større energiproduksjonsanlegg som må driftast og sjåast etter dagleg. Av sikringsomsyn følgjer mykje ferdsel til alle tider av året – det gjeld i alle sonekategoriar. I retningslinene er det spesifisert kva unnatak ein oppfattar konsesjonshavarane er omfatta av, og kva tiltak og verksemd som må meldast / søkjast om spesifikt, jf § 5.4 b).

Motorferdsel på vegar

I sone 1 skal omsynet til villreinen vere overordna, og forvaltingsstyresmakta (kommunane) skal arbeide for å kanalisere og avgrense ferdsla i desse områda. Det bør skje gjennom stenging/avgrensing av bruken av anleggsvegar og gjennom å leggje rasteplassar og anna utanom desse områda. Ein skal ha sideblikk til ev. behov for ferdsel på desse innfallsårene til heia, ved handsaming av næringsrelaterte saker i tilstøytande område, og vere restriktiv til saker som kan vere i konflikt med villreininteressene i sårbare periodar.



“Villcamping” langs Brokke – Suleskardvegen
Forvaltingssekretariatet SVR

Prinsippet om at verneforskrifta (Naturvernlova) går føre anna særlov ved motstrid blir aktualisert gjennom praktiske problemstillingar i SVR. Forvaltingsplanen kan ikkje gå lenger enn verneføresegnene tillet, dvs. å gå lenger i restriksjonar enn det ein kan tolke ut frå gjeldande føresegner.

Dersom forvaltingsstyresmakta vurderer at det kan vere aktuelt å gje dispensasjon til brøyting utover det normale (nedfelt i verneføresegna) pga samfunnsviktige omsyn og/eller at konfliktgraden med vilt blir vurdert som låg ein-skilde år, skal det takast særskilte omsyn som blir nedfelte som vilkår i vedtaket. Dersom det pga. lite snø eller fordi trekkperioden er skuva i tid ein-skilde år, skal det knytast vilkår til ev. dispensasjon som sikrar overvaking og høve til rask omgjerding av vedtaket dersom føresetnadene blir endra.



Parkering ved Øyuvsbu med utsikt til Ivlungevatn i Valle
Forvaltingssekretariatet SVR

5.2.1 Offentlege vegar

Brokke-Sulekardvegen (innanfor vernegrensa) skal vere stengd f.o.m 1.november tom 20.mai, og kan ikkje brøytast før 12.mai kring Kvislevass-området, jf. pkt 5.2 b og utfyllande avtale med Statens vegvesen. Dette er utgangspunkt for "brøytepolitikken" langs denne veggen.

- Verneføresegna gjeld innanfor verneområdet si avgrensing. Dvs. at det gjeld parsell av Brokke-Sulekardvegen frå og med møte med verneområdegrensa.
- Strekninga frå Sulekard til Øyrvavatn (Heistøl) kan likevel haldast open så lenge det er mogleg å brøyte med vanleg plog utover haust/vinter. (Vegen skal likevel vere stengt for ålmenn ferdsel i perioden 1. november til og med 20.mai.)
- Ev søknad om brøyting t.d. frå Sirdal til Roskrepp for gjennomføring av naudsynte tiltak – skal vurderast og forvaltninga kan knytte særskilde vilkår til ev. dispensasjon etter § 6 for å minske ev ulemper for t.d. villrein.
- Opning etter vinterstenging medfører trong for stikking av vegtrase før brøyting. Stikking er ikkje omtala i lov om motorferdsle, ein må difor forstå stikkinga som del av brøyteprosessen. Dispensasjon for brøyting i medhald av verneføresegna må difor og omhandle ev. naudsynt stikking og vilkår for dette. Forvaltingsstyresmakta skal vurdere stikking/ brøyting i høve til snøtilhøve og trekk av villrein. Som vilkår for dispensasjon til brøyting kan det setjast vilkår om at brøytekant strekningsvis ikkje skal overstige 1 m. kring trekkvegar og kryssingsområde.

Vegen til Lysebotn, med parsellen Grydalen over Andersvatn, er lite trafikkert. Det er ikkje spesifiserte restriksjonar på brøyting i verneføresegna, men er ønskeleg å etablere ein praksis /avtale med særskilde omsyn knytt til brøyting for strekninga Grydalen-Andersvatn mellom verneområdeforvaltninga og vegstyresmaktene. Ein legg til grunn at veggen kan haldast open gjennom verneområdet så lenge det er mogleg å brøyte med vanleg plog/brøyteutstyr utover haust/vinter. Likeeins kan brøyting om våren skje så snart det er praktisk mogleg. Forvaltingsstyremaktene bør søkje å forhandle fram ei løysing med vegstyresmaktene der ein ber om melding om planlagt brøyting og eventuelt kreve at brøyting blir utsett fram til 20. mai dersom spesielle tilhøve tilseier det, og/eller høve til å knytte vilkår til brøytinga. (25)

5.2.2 Anleggsveggar og andre kjøreveggar

Tilgjenge:

Ålmenta bør få redusert tilgjenge til sårbare område, sone 1, inn til Store Urar. Ein ser det som naturleg at det blir avgrensing for motorisert ferdsel frå vernegrensa inn til magasinet. Ein gjer framlegg om at avgrensinga ikkje bør omfatte rettshavarar, ferdsel i samband med lovleg jakt og fiske, eller tilsyn med eigedomar/ anlegg osv. eller energi-produzentane si ferdsel i samsvar med konsesjonar. Ein føreset at Bykle kommune vurderer å ta dette opp via NVE og lokalisere ein eller fleire bommar på eigna stader.

- Vatnedalsvatn – Ormsa: er stengt for ålmen ferdsel og bør vere det. Her er det viktige leveområde for villrein (beite).

Brøyterestiksjonar:

- Svartevass – Duge, Øyrarvatn (Heistøl) – Roskrepp, Vatnedalsdammen – Troddedalen, Skarjesvatn-Store Urar, Mjåvassdalen. Ein legg til grunn at vegen kan haldast open så lenge det er mogleg å brøyte med vanleg plog utover haust/vinter. Forvaltingsstyresmakta legg til grunn at det blir sendt medling i framkant av planlagt brøyting/opning etter vinterstenging. Forvaltingsstyresmakta skal årleg vurdere brøyting i høve til snøtilhøve og trekktilhøve for villrein. Forvaltingsstyresmakta kan setjast vilkår om at brøytekant så langt det er råd, og strekningsvis, ikkje skal overstige 1 m kring dei viktigaste trekk- og kryssingsområda.

Vedlikehald:

Vanleg vegvedlikehald er tillate. Ein må likevel vere merksam på at ein ved grøftereinsk ikkje har høve til deponering / mellom lagring av massar i verneområdet utan særskilt dispensasjon. Vidare er det viktig at ein ved ev. revegetering av vegskråningar og trafikkanlegg ikkje etablerer nye planter i verneområdet. – Sjå kap 5.6 om utdjuping vedrørende forbod om uttak av masser relatert til eigen bruk/vegvedlikehald.

5.2.3 Motorferdsel i lufta:

Militær lågtflyging - øving

Lågtflyging i samband med militære øvingar blir vurdert som eit alvorleg trugsmålet mot villreinen, og særskilt i kalvings- og fostringsstadiet på våren. Verneføresegna bør endrast i tråd med NOU 2001:15 om forsvaret sine lågtflygingsområde i samband med ev framtidig justering. I NOU en er det tilrådd avgrensing av lågtflyging både i horisontal – og vertikalplanet på 2000 fot over og kring verneområde. Ein vil arbeide for å få endra verneføresegna i tråd med dette. Inntil føresegna er endra set ein lit til at Forsvaret følgjer opp restriksjonsnivået /-forma gjennom den sjølv-pålagde restriksjonen BFL 70-1 som det er referert til i NOUen.

Forvaltninga skal sjå til at øvingar ikkje finn stad over restriksjonsområda utan godkjent dispensasjon. Ein skal og syte for aktiv kontroll og oppfølging av ev. brot på føresegner og at det etiske miljøansvaret frå forsvaret si side blir følgd opp inntil regelendringa er vedteken.

Sivil lågtflyging:

Verneføresegna gjev berre heimel til å nekte lågtflyging i kalvings- og trekkområda. Nye former for naturoppleving med t.d. helikoptersafari aktualiserer generelt forbod mot lågtflyging i heile verneområdet og behov for justering av verneføresegna. Sjå vedlegg.

Småfly / sjøflytransport – dispensasjon til landing

Under føresetnad av at Forvaltingsstyresmakta mottok melding om transport kan uttak av felt storvilt skje på spesifiserte vatn i føresegna, pkt 5.3. c) og i medhald av godkjent kommunal føresegn etter lov om motorisert ferdsel. Landing ved opplista vatn (jf. verneføresegna pkt 5.3 c) medfører meldeplikt til forvaltingsstyresmakta før transporten tek til.

Helikoptertransport – dispensasjon til landing

I sone 1 skal det normalt ikkje gjevast landingsløyve (dispensasjon) i kalvings- eller trekkperiodar for villrein – det gjeld alle søknader etter pkt 5.4.

Forvaltninga skal ikkje gje dispensasjon til persontransport av noko slag, då det på sikt kan uthole praksisen og gje grunnlag for svært ulik handsaming innafor SVR

Punkt 5.4 c) blir tolka slik at det ikkje er meint å gjelde transport av proviant til einskildoppdrag i samband med fritidsturar. Nødvendig transport av brensel, utstyr og proviant til hytter og buer er f.eks eitt helikopterlyft eller leige-køyringsoppdrag for snøskuter for å få inn ved/proviant for sesongen. (I tillegg til henting av felt vilt.)

I omgrepet transport av ”proviant og utstyr” kan ein og legge samordna eller sjølvstendige transportoppdrag av avfall.

Landinga for uttak av felt storvilt skal fastsettjast i dispensasjon til landing, anten inntil fast bygg (i villreinjakta) / eller mål for transporten (t.d. fallstaden for elg). Landing ved opplista vatn (jf. verneføresegna pkt 5.3 c)) medfører meldeplikt til forvaltingsstyresmakta før transporten tek til.

Motorferdsel i samband med forskning -undervising

Ein vil legge vekt på å skjerme områda for anna type motorisert lufttransport med tanke på uro for både vilt og jege- rar. Ein vil normalt difor ikkje gje slike dispensasjonar i perioden 10.august til 1. oktober, jf. pkt VI i verneføresegna. Ein bør likevel gje dispensasjonar til naudsynt ferdsel / transport i samband med strukturtejljng / bestandsregi- strering av villrein sidan det er eit av verneføremåla.

5.2.4 Motorferdsel på vatn- og vassdrag

Forvaltinga skal med jamne mellomrom vurdere avgrensingar av motorisert ferdsl på vatn og vassdrag som fører til aktivitet i sårbare periodar av året eller på sårbare område. Avgrensinga av ålmenta sin bruk skal vurderast opp mot føremonane for verneomsyna. Slik avgrensing skal ikkje nyttast for å stengje ute nokre brukargrupper til fordel for andre. (t.d. ålmenta mot kommersielle interesser) utan at ein samstundes oppnår betre kontroll og styring av ferdsla og reel gevinst i høve til truga verneverdiar. Avgrensinga kan ikkje gå lenger enn verneføresegnene og heller ikkje avkorte bruk for grunneigarar og andre som har rett til slik ferdsl.

Dei store vatna/magasina i SVR er ikkje omfatta av vern og avgrensing, og tiltak må heimlast i anna lovverk. Berre "landfaste" tiltak og ferdslreguleringar (innafor vernegrensa) kan heimlast i verneføresegna. Aktuelle landfaste tiltak i SVR– sjå omtale pkt 5.3.7 om oppføring av bom på båtrampe til Roskreppfjorden.

5.2.5 Motorferdsel i utmark

Barmark

Av omsyn til terrengskade og spor skal forvaltingsstyresmakta normalt ikkje gje dispensasjon til motorisert ferdsl i utmark på barmark.

Ved vurdering av slike søknadar skal ein sjå på behovet for motorisert transport opp mot verneføremåla og søke å løyse dette ved bruk av den minst konfliktfylte transportmåten. Gjennom god og jamleg informasjon til grunneigarane skal forvaltingsstyresmakta medvirke til at transport blir planlagt og søkt om i god tid og at ein vurderer alternative transportmiddel (skuter/helikopter) – og finn det som er minst i konflikt med verneomsyna.

I område med produktiv skog / vedskog kan det opnast for transport langs sleper / barmarkstrasear i periodar av året, - på bestemte vilkår. Ved ev. dispensasjon for vintertransport med traktor- / skuterslepe skal forvaltingsstyresmakta fastsette trase for transporten, gje naudsynte vilkår for å avgrense markskade og ev. vilkår for istandsetting av terreng dersom skade oppstår.

Snødekt mark

Motorisert ferdsl skal som nemnt avgrensast til eit minimum i heile verneområdet. Ein vil avgrense omfanget på motorisert ferdsl til det som er naudsynt for ettersyn og drift av bygningar og anlegg i heia. Ein vil og arbeide for ytterlegare samordning av transport.

Forvaltinga skal arbeide for å få ut informasjon og god grunngeving for ønskje om å la verneområdet vere mest mogleg utan støy og uro, - og slik medverke til forståing og haldningsskaping på dette området.

Verneføresegna krev at alle som skal drive med motorisert

ferdsl har godkjent løyve (dispensasjon) etter denne i tillegg til ev. søknadsplikt etter særlov.

Det skal normalt ikkje gjevast løyve til motorisert ferdsl i restriksjonsperiodane/-områda.

Grunneigarar med løyve til motorisert ferdsl i medhald av verneføresegna kan halde fram med uttak av ved – transport i samband med dette treng ikkje avgrensast til fastsette trasear.

Om søknader og løyve (dispensasjonar)

Søknad og løyve skal utformast i tråd med felles skjema/mal mellom kommunane i SVR.

Søknadene skal vere skriftlege, og oversendast i god tid før planlagt transport slik at forvaltingsstyresmakta får rimeleg tid til å handsame søknaden.

Søklar må leggje ved kart som syner ønska trase for transporten/løyvet.

Løyve skal gjevast med laminert kart som syner godkjent trase.

Forvaltinga kan gje løyve gjennom dispensasjon til transport av vedlikehaldsmateriale m.v. , jf. pkt 5.4.a og c i verneføresegna dersom ein vurderer transportbehovet som reel, og dette blir vurdert som mindre konfliktfylt transportform enn andre formar for transport (helikopter e.l.). Ved byggeløyve kan det og gjevast løyve for naudsynt transport i samband med byggeperioden, ev. med avgrensingar og vilkår som synest rimelege ut frå verneomsyn, t.d. i tid.

Kopi av vedtak om dispensasjonar skal sendast oppsynet (SNO) og lokalt lensmannskontor samstundes med at vedtaket blir kunngjort til søkjar. Kopi av vedtak bør normalt og gå til grunneigar (grunneigarrepresentant i sameige) dersom søkar er ein annan enn grunneigaren. (Søklar er sjølv pliktig til å innhente løyve til ev. landing/køyring på annan manns grunn.

Løyve (dispensasjon etter pkt. 5.4 a), b) og c)) skal berre gjevast for inntil to år om gongen, med tanke på å justere praksis etterkvart som ein får røynsle med forvaltinga og samordninga mellom kommunane.

Løyve skal gjevast som personleg løyve. Det skal normalt berre gjevast eit løyve til kvar driftseining (primært eigar og inntil 1 annan namngjeven person)

Det er ikkje heimelsgrunnlag til å gje dispensasjon for følgjeskuter. Dersom det likevel av sikringsomsyn synest naudsynt i einskilde tilfelle at to skuterar følgjest, må det ligge føre to separate dispensasjonar (løyve) med referanse til oppdraget. Ein føresetnad for å vurdere dette er at

transporten normalt skal vere meir enn 10 km innover heia frå utfartsstaden. Det skal stillast som vilkår at skuterane skal køyre samtidig og i følgje med "hovudløvehavaren".

Ved søknad om køyring til fritidsbustad / utleigeeiningar kan det gjevast løyve til transport gjennom bruk av ervervskjørar der det er mogleg. (I løyve skal fastsettjast vilkår som tal på turar / periode osv) Dvs. at den som har behov for slik transport sjølv må søke løyve, og at ervervskjørar skal ha "overføringsdel" av løyve i tillegg til godkjent ervervsløyve med seg på transporten)

I einskildtilfelle kan leigetakar (av eigedomar/bygg/anlegg) få eige løyve til transport. Det kan gjelde tilfelle med langtidsutleige av bygningar. Ein skal då ha framlagt skriftleg avtale om leigetilhøvet og skriftleg samtykke frå eigar om at "retten" til løyve blir overført til leigetakar for ein fastsett periode. Ev. i kombinasjon med at det blir fastsett tidsperiode og tal på turar for utleigeføremålet - der løyvet til eigar blir tilsvarande avgrensa.

Kraftselskap og andre som skal utføre ekstraordinære tiltak, tilhøve som går utover det anna løyve er utsteda for (vanleg drift, ettersyn og vedlikehald) må søkje særskilt løyve til slik transport.

"Journalistløyve" dvs der media søkjer om å få dispensasjon for ferdslar til reportasjeoppdrag skal vurderast i medhald av § 6.

Vilkår knytt til dispensasjonar:

- Det blir sett krav om melding til oppsynet før all motorisert ferdslar i SVR i restriksjonsperioden i kalvings-/ trekkområda dersom det blir gitt slike løyve
- Ein vil og oppmode dei som køyrer om å rapportere om observasjonar av villrein og rovvilt i etterkant til oppsynet. – Det gjeld særleg dei som jamleg ferdast i heia.
- "Journalistløyve" skal/kan ev gjevast for kvart einskild oppdrag, med fastsett trase, dato og relevante vilkår.
- I alle einskildvedtaket skal det stå at løyve kan trekkjast tilbake ved misbruk, og på kort varsel i periodar dersom omsyn til viltet tilseier det.
- Alle dispensasjonar skal ha vilkår om å føre logg over ferdsla, dvs. tal på turar, tidspunkt, rute og føremål med ferdsla.
- Forvaltinga, oppsynet, politi m.v i medhald av 5.3 a) skal og føre logg for å medverke til å skaffe dokumentasjonsgrunnlag på den samla motoriserte ferdsla i verneområdet.
- Ervervsløyve skal ha som vilkår at overføringsdel til oppdragsgjevar skal følgje transporten.

5.2.6 Vitenskaplege undersøkingar - forskning

Ein legg opp til ein liberal forvaltingspraksis (etter § IV i føresegna) i høve til oppdrag som omfattar sårbare eller truga artar / naturtilstand og trugsmål, og tilhøve som er særleg relevante i høve til verneføremåla. I løyvet bør ein likevel fastsette vilkår for ev. motorisert transport – om at den skal skje utanom sårbare område og tider av året. For å førebygge konflikter vil det og vere naturleg å avgrense motorisert ferdslar til slike føremål i jaktperioda om hausten.

Ein bør og fastsette vilkår om lokal medverknad / tilgjenge til resultat som kan vere av interesse for områdeforvaltinga framover der det er aktuelt. Ein vil og leggje opp ein liberal praksis m.o.t. å peike ut område der skular kan utføre feltarbeid og følgje utvikling av tilstand over tid.

Anna forskning, utan vesentleg relevans for vernet, bør finne stad utanfor verneområdet.

5.2.7 Handlingsplan – friluftsliv og ferdslar

- Innføre restriksjonar for motorisert ferdslar på følgjande anleggsveggar: Store Urar
- Vurdere flyttinga av bom på anleggsveggar til vernegrensa: Anleggsveg Duge/Svartevassmagasin
Anleggsveg til Store Urar
- Avgrense bruk av motorbåt på Roskrepp.
- Realisere løypeomlegging sør for Steinsbuskardet i tråd med temakart. Arbeide for å skaffe dokumentasjon og forskingsrapportar om menneskeleg aktivitet og ferdslar relatert til kartlegging av trekkaktivitet i områda kring Gyvatn-Steinsbuskardet som grunnlag for realisering av langsiktige tiltak for å bøte på dette. – Til dømes omlegging av løypenett nord for demningen.
- Øyulvsbu-Håheller/Roskreppområdet; arbeidet vidare med forprosjekt for alternativ hyttelokaliserings/kapasitetstilpassing og tilhøyrande løypeomlegging i tråd med referat frå møte 28. april 2003. Forprosjektet bør vere slutført og ei løysing/avgjerd bør kunne finne stad innan 2005.
- Omlegging av vinterløype Roskreppfjorden i tråd med trase synt på temakart.
- Realisere tiltak i "Plan for småtiltak langs Brokke-Suleskardvegen" – m.a. sanere/ flytte rasteplassar og kanalisere oppstilling av biler til tilrettelagt parkering kring Roskrepp-området.
- Utarbeide informasjonsmaterieill – setje opp uteinformasjon på utpeika stader (naturlege innfallsportar / stoppestader langs kjøreveggar). Medvirke til å etablering / utvikling av informasjonsbasar kring om i kommunane.
- Utpøving av standardisering av motorferdselsaker (søkna der / løyve / sakshandsaming) mellom kommunane – primært motorferdslar i utmark (skuter og landingsløyve for fly/helikopter)

5.3 Bygg- og anleggsaker

Ein av forvaltingsstrategiane omhandlar berekraftig bruk – levande bygder. Her set ein fokus mellom anna på lokal verdiskaping, berekraftig næringsutvikling, kulturarv og utvikling av nye bruksformar for å oppretthalde tradisjonell verksemd. Ein set og fokus på opplevingskvalitetar og relevans for friluftslivet.

I fjellbygder har tradisjonell bruk og drift mykje å seie som ein del av kulturberinga og som ein del av næringsgrunnlaget. I ei tid med marginalisering av landbruket og politikkomlegging på nasjonalt nivå mot nisjeproduksjonar og tilleggsnæringar, kan utmarksressursane få fornya tyding og potensiale. Det gjeld både for den einskilde grunneigar, men og indirekte for lokalsamfunn og regionar som del av grunnlaget for å oppretthalde busetting og verksemd i bygdene omkring.

For å drive ressursnyting i heia er husvære viktig – særleg i område som er langt frå veg.

På vernetidspunktet var det stor variasjon mellom eigedomane, - om det eksisterte bygningar i utmarka i SVR eller ikkje. I forvaltingsplanarbeidet er det kome fram ønskje og uttrykt trong for grunneigarnivået om å kunne oppretthalde og utvikle naturbaserte tilleggsnæringar, som t.d. jakt og fiske i kombinasjon med overnatting, natur – og kulturbaserte opplevingssturar osb. I denne samanhengen vil høve til å vedlikehalde og ev etablere nye naudsynte bygningar vere essensielt for å utløyse slikt potensiale for næringsutvikling.

I Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane er det i tillegg til tradisjonelle driftsbygningar (stølsbygningar, uthus og løer, jakt- og fiskebuer, båthus osb) og bygningar knytt til saudrift (driftshytter / gjeter- buer), Statskoghytter (utleige / oppsyn), turistforeiningshytter og allmenningshytter (i Bykle) og ein del fritidsbustader / buer på frådelt utmarkseigedomar. Av andre større og mindre byggverk har ein kraftstasjonar, lukehus, sikringsbuer, båthus, lagerbygg osb knytt til verksemdar som driv med energiproduksjon.

Frå verneomsyn er det viktig at ein ikkje opnar for ein forvaltingspraksis m.o.t. byggeaktivitet som over tid kan medføre at omfang, storleik og tal på bygningar, vil endre landskapet sin art eller karakter. Retningslinene skal leggje rammene for byggeaktivitet slik at ein ikkje kjem i konflikt med omsynet til verneføremåla.



UTDRAG FRA VERNEFØRESEGNA - VEDRØRANDE BYGNINGAR OG ANLEGG

For landskapsvernområdet gjeld følgjande reglar:
Forbod:

1. Landskapet
- 1.1 Det må ikkje gjerast inngrep som vesentleg kan endra eller innverke på landskapet sin art eller karakter.

I dette er medrekna:oppføring av bygningar, anlegg og faste innretningar ,

Tillate:

- 1.2 Reglane i 1.1 er ikkje til hinder for:
 - b) Vedlikehald av bygningar, vegar og anlegg.

Kan tillatast etter søknad på nærare vilkår:

- 1.3 Når verksemda eller tiltaket kan skje utan at det er i strid med føremålet med vernet, kan forvaltningsstyresmakta på nærare vilkår gje løyve til:
 - b) Oppattbygging av bygningar som er gått tapt ved brann eller naturskade, og oppattbygging av nedfalne bygningar som høyrer med i det tradisjonelle bygningsmiljøet i stølsgreider. Eventuelle vilkår for og utforming av bygningar skal gjerast i samråd med fylkeskonservatoren.
 - c) Mindre tilbygg til eksisterande bygningar.



Knaben gruver i Kvinesdal,
eit landemerke
Jan Rob

Børstein turisthytte
Haldor Gislason

Rike lier i sør, Hægebostad
Forvaltingssekretariatet SVR



Dette tyder ma. at søknader om oppføring av nye husvære kan realitetsvurderast innafor ramma av verneforskrifta. Departementet reknar likevel med at behovet for å nytte denne heimelen til å handsame søknader om slike tiltak er liten”.

Om sonering uttaler MD mellom anna:

”...I forvaltingsplanen skal ein m.a. legge til grunn sonering av verneområdet med tanke på å få til ein differensiert forvaltning av området og dermed gje forvaltingsstyresmakta eit rimeleg og naudsynt forvaltingsrom for si utøving av mynde. Der brukar- og næringsinteressene er sterke – i randområda mot fylkesdelplanområdet og der verneinteressene kan klare det kan det opnast for ein meir liberal praksis mens i dei sentrale og/eller sårbare områda der verneinteressene er sterke og brukarinteressene mindre vesentlege, skal dispensasjonspraksis vere strengare.Det vil og ligge stort forvaltingsmessig handlingsrom for kommunane når ein ser heile fylkesdelplanområdet under eitt.”

FØRINGAR FRÅ MD SITT FØREDRAGET TIL KRONPRINSRENTEN SIN RESOLUSJON VEDRØRANDE BYGGESAKER

I utgangspunktet signaliserer verneføresegna eit generelt forbod mot nye bygningar. Byggesaker blir å handtere som spesifikke dispensasjonar etter pkt. 1.3 eller for nybygg etter pkt VI- generelle dispensasjonssaker.

I MD sitt føredrag ved oversending av Kronprinsregenten sin resolusjon vart det opna for realitetshandsaming av tiltak som ikkje er i strid med verneføremålet. Dette er ei ordning som er eksklusiv for dette verneområdet.

Sitat:

”MD vil presisere at forskrifta legg opp til at eksisterande landbruksdrift innafor verneområda skal kunne halde fram som tidlegare, og at det skal opnast for nye driftsformer og anna verksemd innafor næringa så lenge dette ikkje kjem i strid med verneføremålet. Det skal utøvast ein etter måten streng dispensasjonspraksis i dei mest verdfulle og sårbare naturområda medan ein kan utøve eit romslegare dispensasjonsskjønn i meir ”robuste” område til dømes i utkanten av verneområdet. Nærare konkretisering og avklaringer på dette må skje i samband med utforminga av forvaltingsplanen for området”.

”MD vil gjere merksam på at verneforskrifta for landskapsvernområdet har ein generell dispensasjonsheimel, sjå pkt. VI Unntak i særskilde høve, og at denne heimelen ma. gjev forvaltingsstyresmakta høve til å vurdere tiltak som ikkje er i strid med verneføremålet.”

I brev frå statssekretæren i MD 10.april 2001 (27) er spørsmål om bygging av driftshusvære for jakt og fiske m.a. for utleige drøfta nærmare.

”Dersom det er slik at trongen for og omfanget av driftshusvære er begrensa slik vi tidlegare har fått tilbakemelding om frå ordførarane og som vi la til grunn i føredraget og at lokaliseringa av dei er til liten skade for verneverdiane, vil det vere mogleg etter verneføresegna å kunne si ja til enkelte slike hytter. Kvar slike driftshusvære best kan lokaliserast bør vere gjenstand for drøftingar m.a. i forvaltingsplanen. Eg vil tru at randområda kunne vere meir aktuelle lokaliseringsområder enn dei meir sentrale innanfor verneområdet.”

27 Det kongelege miljødepartement, statssekretæren, brev til Bygland kommune om forsøk med lokal forvaltning, 10. jan 2001

GENERELLE PRINSIPP I HØVE TIL TOLKING AV VERNEFØRESEGNA

- Reglane er ikkje til hinder for tradisjonell landbruksdrift, herunder stølsdrift*, beiting, eller jakt og fiske når dette ikkje er i strid med verneføremålet og det er fastsett at eksisterande bygningar og anlegg skal kunne haldast ved like.
- Forvaltingsstyremakta kan vurdere mindre tilbygg som er nødvendige for drifta dersom det ikkje er i strid med verneføremåla. Ein skal likevel vere varsam i høve til vesentleg utviding av eksisterande bygningsmasse / nye bygningar (og i samband med stadbunden næring), som på sikt vil legge til rette for auka bruk, ferdsel og uro. Forvaltingsstyresmakta kan vurdere frittstående uthus som alternativ til tilbygg dersom det etter ei samla vurdering vil gje ei betre løysing.
- Pkt. 1.1: Ein skal vurdere om det eventuelle tiltaket kan endre landskapet sin art eller karakter (jf. verneføremåla) og særskilt vurdere landskapsskala, terrengform og vegetasjonsbilete på den aktuelle staden med tanke på eksponering av tiltaket. Av det følgjer ei naturleg differensiering mellom nordlege og sørlege delar av verneområdet som har svært ulik topografi og vegetasjonsbilete.
- Pkt. 1.2: Ein skal prinsipielt vere varsam med å godkjenne fasadeendring utover tilbakeføring av bygg til meir tradisjonell utsjånad. Ein vil og vere varsam i høve til å godkjenne omdisponering av eksisterande bygningar gjennom modernisering og fasadeendring.
- Forvaltingsstyresmakta vil legge seg på ei forsiktig line i høve til ev. opning for oppattbygging på tufter i medhald av verneføresegna,- jf tekst om nybygg.
- I dispensasjonsvurdering av behov for nye bygningar legg ein utvida definisjon av "tradisjonell landbruksdrift" basert på lokale tradisjonar for utmarksnæringar som del av næringsgrunnlaget. Ein definerer bygningar i samband med tradisjonell landbruksdrift til og å kunne omfatte hytter for tilsyn og sanking av sau, enkle hus for husdyra, vedlager osv. Som del av utmarksnæring knytta til tradisjonelt landbruk her følgjer trong for t.d. jakt- og fiskebuer, båthus/naust osv. Nye bygg med tanke på utleige i samband med hausting, jakt og fiske fell og inn under dette. Søknader om nybygg skal ev. handsamast som dispensasjonssakar etter pkt VI i føresegna. (Ein legg til grunn at kommuneplanen sin arealdel er bandlagt og såleis ikkje blir overstyrt av definisjonar om driftsbygningar osv. etter PBL med LNF-område.)
- Tilhøvet som skal inngå i ei samla skjønsmessig vurdering av byggesaker er mellom anna ei vurdering av trong for nye driftsbygningar/oppattbygging av nedfalne bygningar/ bygging på tufter:
- A Det bør vere ei nedre grense for om det kan seiast å vere "næringsmessig potensial" knytt til ev. nye byggetiltak på teigen/eigedommen. Retningsgjevande grense vert sett til 3000 daa. (Storleik på eigedom / avtalefesta sameid mellom fleire eigarar kan vurderast. Rettar som inngår grunneigarsamarbeid og som blir lagt til grunn for ev. løyve bør tinglysast.)
- B Tiltaket er del av ei driftseining med landbruksdrift og kan seiast å danne grunnlag for attåttnæring / del av drifta og inngå i driftsplan for bruket
- C Ein bør vurdere om det er andre driftsbygningar knytta til eigedommen som dekker behovet for husvære.
- D Ein bør vurdere tilkomst og avstand (gangtid) til veg / anna husvære på eigedommen retningsgjevande min 1 time / 3km.
- Ein vil legge til grunn strenge kriterium for storleik / utforming og materialbruk og plassering ved ev. dispensasjonar. Utgangsstorleik for oppattbygging: tilsvarande tufta. Nye bygningar: tilsvarande tradisjonell storleik på bygningar i området, retningsgjevande 25 m². Maksimal samla grunnflate inkludert eventuelle framtidige tilbygg og uthus skal maksimalt vere 30 m². I sone 3 og 4 kan kriteria for storleik fråvikast og vurderast individuelt i høve til framtidig bruk/funksjon og tilliggjande bygningsmasse. I sone 3 bør likevel ikkje einskild bygg vere over 30 m², men ordnast gjennom fleire mindre bygningar om ein finn å kunne gå utover dette arealet.
- Forvaltingsstyresmakta skal sjå til at utforminga av bygg og anlegg blir tilpassa miljøet på staden og omgjevnadene. Ein skal legge vekt på plassering og utforming i høve til lokal byggeskikk ved ev. godkjenning av byggearbeid.
- Ved oppattbygging bør bygget ha utgangspunkt i biletmateriale om det kan skaffast. Utforminga kan først godkjennast etter at uttale er henta inn frå fylkeskonservatoren for byggearbeid i sone 3 og i bygningsmiljø med bygningar/tufter eldre enn 100 år.
- Dersom fleire grunneigarar (t.d. sameige) har behov for landsbruksbygg i det same området, bør det helst setjast opp fellesbygg / småbygg i tunform i staden for fleire spreidde bygg.

* I verneføresegna kalla "støling".



- Nybygg bør helst realiserast ved oppattbygging av nedfalte bygningar/ bygging på tufter. Ein kan og vurdere flytting av eksisterande bygg til eigna stad på eigedomen, - også utanfor verneområdet.
- Retningslinene skal leggest til grunn i heile verneområdet (sone 1-4) uavhenging av om dette kan tenkast å utløse andre utfordringar i ettertid som t.d. auka ferdsel, då det skal handterast gjennom andre delar av verneføresegna tilhøyrande retningslinjer etter forvaltingsplanen, t.d. om motorisert ferdsel.
- I sone 3 skal ein og leggje vekt på tilhøva (kvalitetar og særmerke) som gjer at området er peika ut, og ev. særlege omsyn som dette krev.

Gjetarhytte i Vidalega
Forvaltingssekretariatet SVR

Menneskelege spor og merke frå tidlege tider
Forvaltingssekretariatet SVR

Båtoppтрекк,
Roskreppfjorden
Forvaltingssekretariatet SVR

Grydalen hytteområde
i Sirdal
Haldor Gislason

Tradisjonell bu i SVR
i Bykle / Valle
Bykle kommune

5.3.1 Endring på eksisterande bygg

- Normalt innvendig og utvendig vedlikehald som skifte av kledning, vindauge og anna som ikkje fører til endring av storleik eller fasade er tillate utan søknad. (Alle formar for utvidingar inkl. plattingar og andre tiltak som berre er meldepliktig etter PBL er søknadspliktige i verneområdet)
- Dei som har eksisterande stølsbygg kan søke om dispensasjon til opprusting av desse. Ved fasadeendringar vil ein leggja vekt på å unngå at tiltaket fører til at bygget vert meir eksponert i høve til omgjevnadane. Dersom bygga er av kulturhistorisk verdi må tiltaket skje i samråd med fylkeskonservator. Handsaminga av søknader om byggetiltak i sone 3 og i andre eksisterande bygningsmiljø med bygningar eldre enn 100 år, skal skje i samråd med fylkeskonservatoren.
- Under føresetnad av at bruken ikkje vert endra kan det søkjast om utviding av eksisterande bygningar. Det skal ikkje gjevast dispensasjon til å oppgradere uthus til fritidsbustad (bygging av eldstad).
- Forvaltingsstyresmakta kan vurdere godkjenning av bruksendring av eksisterande bygningar under føresetnad av at fasade ikkje blir vesentleg endra (utover oppføring av pipe / eldstad.) Ev godkjenning av innsetting av vindauge må ikkje endre bygningen sin karakter og vere underordna bygningane sitt opphavslege preg.

5.3.2 Oppattbygging

- Normalt vert det gjeve løyve til oppattbygging av bygg som er gått tapt i brann eller ved anna naturskade. Dersom bygget hadde ei uheldig plassering i høve til verneverdiane bør bygningen byggjast opp att på meir eigna stad på eigedomen.
- Ein kan søke om dispensasjon til oppattbygging av nedfalne bygningar /på tufter. Det er ikkje generell heimel til å byggje på gamle hustufter, men ei opning for vurdering av slike saker. Føremålet med oppattbygging av nedfalne bygningar må vera bruk i landbruksnæring eller for å ta vare på bygga som kulturhistoriske element i området.
- Bygg på tufter som ligg i kulturlandskap / stølsområde bør prioriterast framfor bygging i område utan preg av eksisterande/ tidlegare bygningsmiljø. Likeins bygg på tufter som vil inngå i aktivt driftsopplegg framfor bygg utan nyttefunksjon i næringssamanheng.. Søknader om bygg som kan gå inn i natur- og kulturbaserte tilleggsnæringar/nisjenæringar bør og prioriterast.
- Ved oppattbygging av nedfalne bygningar og bygg som har kulturhistorisk verdi, skal fylkeskonservator vera med å setja vilkår for utforminga. Søknader om byggetil-

tak i sone 3 og byggetiltak i andre eksisterande bygningsmiljø med bygningar eldre enn 100 år skal skje i samråd med fylkeskonservatoren.

- Ein bør kunne gje dispensasjon til oppattbygging av nedfalne bygg og i sone 1 på nærare vilkår.

5.3.3 Nye bygg

Som for dei andre bolkaner gjeld dei generelle prinsippa – i tillegg til følgjande ved vurdering av søknader om nye bygg.

Det skal vera ei restriktiv forvaltning av området i høve til heilt nye bygningar. Verneforskrifta er difor utforma ut frå målsettinga om å kunne gje ei klår avgrensing i høve til nye bygg. Slike saker blir å handsame som dispensasjonsaker - særlege grunnar og på nærare vilkår. MD sitt føredrag ved oversending av Kronprinsregenten sin resolusjon opna for realitetshandsaming av slike søknader.

Ev. nye bygg må plasserast best mogleg tilpassa terrenget, og dei skal ikkje plasserast i konflikt med kulturminne, eller slik at dei kan bli til hinder for tradisjonelt friluftsliv eller driftevegar / stiar. Nye bygg kan tillatast plasserte i sone 2, 3 eller 4, og dei bør setjast opp i tilknytning til eksisterande bygningsmiljø.

Regional kulturvernstyresmakt kan gje råd for nye plassering og utforming av bygg. Bygga bør oppførast i naturmateriale med trekledning, og torvtak / stein og vera tilpassa lokal byggeskikk. Fargevalet bør tilpassast omgjevnadane, med brune, grå eller mørkt grøne nyansar.

Det kan vere behov for sikringsbuer til einslege buer og stolar kringom i heia. Ved vurdering av slike søknader skal bygningen ikkje overstige storleiken til meldepliktige byggverk etter plan- og bygningslova (15 m²) Sikringsbu kan berre vurderast der det ikkje er anna uthus som kan fungere som sikringsbu. For vurdering av sikringsbuer til turisthytter sjå nedanfor.

- Grytdalen hytteområde i Sirdal ligg innafor vernegrensa. Feltet var regulert gjennom eldre disposisjonsplanar. Disposisjonsplanane vart gjort ikkje-gjeldande gjennom vedtak av ny kommuneplan i 2002. Totalt var det i disposisjonsplanar opna for om lag 40 hytter. Av det er det att 6 einingar som ikkje er utbygde. Området er markert som sone 4 og opning for realitetshandsaming og realisering av resterande utbygging som dispensasjonssaker i medhald av verneføresegna. Ein føreset at ev. framtidige dispensasjonar med tilhøyrande vilkår sikrar at resterande utbygging ikkje vil endre landskapet sin art eller karakter vesentleg (jf verneføremåla) frå det som det i dag framstår som – eit småskala terrengtilpassa hytteområde. Det føreset at ein i kvar einskild sak vurderer lokalisering og utforming, t.d. hyttstorleik, avgrensingar på framtidig infra-

struktur og terrenngrep og at ein vektlegg vilkår som tek omsyn til vernet, t.d. at byggeverksemda skjer i lite konfliktfylte periodar for villrein osb. Frådelingar og utbygging i samsvar med ovanfor nemnde føringar er kva ein opnar for i medhald av forvaltingsplan - for all framtid i Grytdalen.

5.3.4 Turisthytter

- Overnattingstilbodet i området er rimeleg godt.
- Forvaltingsstyresmakta skal normalt ikkje godkjenne bruksendring som avgrensar ålmenta sitt tilgjenge til anlegget.
- På dei fleste hyttene er det ikkje ønskjeleg med ei vesentleg standardheving som kan føre til auka press på miljøet. Det er heller ikkje ønskjeleg å leggje opp til sanitærløysingar som fører til auka utslepp av spillvatn ved dei enkle turisthyttene. Ein vil også vera varsam i høve til utvikling av betente hytter fordi det vil føre til auka transportbehov og terrengslitasje. Ein kan likevel vurdere meir høgstandardanlegg i sterkt trafikkerte område/område ved offentleg køyreveg / område som er lite sårbare i høve til villreinen sin områdebruk, som positive kanaliseringstiltak.
- Utviding av eksisterande turisthytter / oppføring av nye hytter med føremålet å auka overnattingskapasiteten kan berre vurderast i område der eventuell auka ferdsel ikkje vedkjem sårbare område, og der ein ikkje påreknar omfattande terrengslitasje som følgje av ev. tiltak. I samband med slike saker bør ein vurdere ev. kompensering / tiltak som bøter på dette, som vilkår for gjennomføring for å minske den totale belastinga på natur- og miljø.
- Verneforskrifta gjev opning for å bygge mindre tilbygg til eksisterande bygningar. I det tolkar ein og mindre frittstående bygg som av sikringsomsyn eller anna karakter gjer det naudsynt. Det kan gjelde sikringsbuer, toalett og uthus og lager i tilknytning til dei eksisterande hyttene. Med sikringsbuer meiner ein mindre enkle bygg og ikkje ordinære hytter. Dette er og utdjupa i føredraget til Kronprinsreg.res. Forvaltingsstyremakta kan setje som vilkår at utrangerte bygg blir rivne i samband med oppføring av nye bygg for å avgrense samla grunnflate.
- Storleiken på utviding av bygningsmassen (ev. som frittstående tilbygg) skal vurderast i kvar einskilde sak.
- For fasadeendring / uthus, nedbrente turisthytter m.m. gjeld dei same reglane som for andre bygg innanfor verneområdet.
- Regelverket er ikkje til hinder for at eksisterande bygg i området vert opna for allmenn bruk.

5.3.5 Enkle/ mellombels bygg

I kategorien ser ein føre seg enkle/mellombelse bygg til allmenne friluftsføremål / natur- og kulturbaserte opplevingsverksemder

- Det er opning for å kunne gje dispensasjon til bygging av tilbygg. Andre mindre bygg til allmenne friluftsføremål blir og å tolke som dispensasjonssak / nybygg. Slike bygg skal normalt lokalisert til sone 4 område. Her tenkjer ein på toalett, mindre lagerbygg. Innanfor dette bør det berre opnast for bygg som skal dekkja heilt spesielle behov. God landskapsplassing og avstand til viktige naturelement / kulturminne er viktig. Sikringsbuer er omtala under avsnittet turisthytter.
- Det kan på sikt vere aktuelt å gje dispensasjonar til å setje opp små og svært enkle bygg (t.d av gapahuk / lavo) for overnatting / rasting i område der det ikkje er ordinære turisthytter eller der det inngår i opplevings-tilbod /natur og kulturbaserte tilbod.

Serviceanlegg / toalett/renovasjonsbygg er omtala under vegrelaterte anlegg.

5.3.6 Massetak

Forvaltingsstyresmakta kan etter søknad peike ut område for mindre uttak av masse til eigars eigen bruk – mindre terrengtiltak i samband med godkjent byggesak, vedlikehald av stigar og vegar i landskapsvernområdet. Ev. søknader om uttak frå eksisterande tippar kan vurderast der det tener avslutting av inngrep under føresetnad av massen blir nytta til vedlikehald av anlegg innanfor verneområdet. – Sjå meir om dette i kap. 5.3.9

5.3.7 Demningar og kraftrelaterte bygg og anlegg

Bygge- og anleggstiltak utover vanleg vedlikehald er søknadsplichtige om ikkje anna er fastsett gjennom konsesjon / anna særlov. Større anlegg som forsterking av dammar og anleggsverksemd med ev. nye steinbrot som vil føre til nye bygg eller inngrep i landskapet krev dispensasjon etter verneføresegna. Dette krev samordning av sakshandsaming mellom forvaltingsstyresmaktene i verneområde og energistyresmaktene (NVE). Det gjeld og naudsynte tiltak som verksemdene er pålagde i medhald av anna lovverk. Forvaltingsstyresmakta skal i slike saker vurdere å fastsette vilkår for å avgrense ulemper og skadeverknad for verneføremåla. Det kan og fastsettjast tid for utføring av tiltaket av omsyn til verneføremåla.

Anleggsveg til Store Urar bør stengjast med bom for å avgrense ferdsla i sårbare område.

Bykle kommune finn eigna plassering av bom og syter for naudsynt sakshandsaming for å gjennomføre tiltaket i samråd med NVE.

Rampa for utsetting av båt ved Roskrepfjorden bør stengjast med bom for å avgrense ferdsla inn til sårbare område. Valle kommune syter for realisering av tiltak og for naudsynt sakshandsaming for å gjennomføre tiltaket.

5.3.8 Kommunikasjonsanlegg

Antenneanlegg og linkstasjonar skal så langt det er råd samlokalisert til stader der det alt er etablert slike. (Om mogleg skal slike anlegg lokalisert utanfor verneområdet.). Tiltaka er søknadsplichtige i verneområdet.

5.3.9 Veganlegg

Etablering av nye vegar

Ein kan vanskeleg sjå føre seg opparbeiding av nye vegar i SVR som ikkje vil endre landskapet sin art eller karakter. Det skal såleis normalt ikkje gjevast høve til vegbygging gjennom dispensasjonar. Ein kan sjå føre seg at det kan vere aktuelt å gje dispensasjon til traktorsleper for uttak av tømmer i sørlege område, slik at transporten skjer på vinterstid med minimale markskadar.

Forvaltingsstyresmakta kan gje dispensasjon til mellombels / mindre tiltak og terrenginngrep langs fastlagte trasear for å førebu slik transport. I ev. dispensasjonar skal det knytast naudsynte vilkår for å bøte på skadeverknader og krav til utføring av tiltaket.

Forvaltingsstyresmakta kan gje dispensasjon til bygging av

bruer/klopper og forsterking av berelag i våte parti langs naturlege ferdselsårer (turistløyper, viktige stigar og "smalevegar"). Ein føreset at tiltaket blir vurdert slik at det ikkje endrar landskapet sin art eller karakter vesentleg, og at det blir stilt høvelege og naudsynte vilkår til utføring og materialbruk.

Rasteplassar – informasjonsanlegg - toalett og renovasjon

I området kring Roskrep – langs Brokke-Sulekardvegen skal plan for småtiltak vere retningsgjevande for sanering av haldeplassar og kanalisering / parkering for bilar, jf. sone 4 på kartet. - Det er ønskeleg å få lagt til rette gode parkeringsanlegg i steinbrotet ved Roskrep. Likeeins er det behov for servicebygg/toalettanlegg /informasjonsanlegg (småskala) på rasteplassen ved Håheller. Det er og viktig med god informasjon og ordning for renovasjon her.

Uttak av grus til vedlikehald / lagring av masse

Innanfor verneområdet er det forbod mot uttak og mellomlagring og deponering av massar. Ein legg i dette at det ikkje er tillate å drive uttak av masser til bruk utanom verneområdet eller større massetak for bruk internt utan at det er søkt om dette og godkjent. Forvaltingsstyresmakta kan peike ut og godkjenne stader for mindre uttak til vedlikehald av eksisterande vegar, stiar og i samband med godkjente bygge- og anleggstiltak i verneområdet. Uttak utan slik førehands godkjenning er å oppfatte som brot på verneføresegna. Uttaket skal helst skje i etablerte massetak, inntil veg. Det bør fastsettjast vilkår for uttaket, tidspunkt, lokalisering, omfang og avslutting slik at det ikkje blir varige sår i terrenget.

5.3.10 Andre bygge og anleggstiltak

Ev søknader om andre typar bygg- og anleggstiltak må handsamast individuelt og vurderast opp mot omsynet til verneføremåla og intensjonane med vernet.

5.3.11 Handlingsplan/tiltak – bygge og anleggstiltak

Oppdatert oversikt over eksisterande bygg, registrering av tilstand (prioritere bygg i sone 3)

- Gjennomgang av SEFRAK
- Stadnamnregistrering
- Dokumentasjon - Bilete av bygg og anlegg i heile verneområdet - lokalisering gjennom ajourførte kart / satelittfoto.
- Avklåring av mynde/ansvarsområde etter Naturvernlova og Vassressurslova mellom NVE og kommunane. Arbeide ut samarbeidsrutinar for sakshandsaming ved ekstraordinære tiltak (bygg og anlegg) – dispensasjonsaker t.d. ved damforsterking.

"Jo større kunnskapens kule er jo større er også dens overflate, altså grenselandet mot det vi ikke vet. Den som vet mest, vet også best hva han ikke kan."

ukjent

Så uskuldig og så sårbar
ein tidleg vårdag
Jan Thomassen



5.4 Dokumentasjon / forskning / Undersøkingar

Forskning som kan vere nyttig i høve til å dokumentere naturtilstand og trugsmål, i sær relatert til truga eller sårbare artar, bør så langt som råd tillatast. Ein skal likevel gje føringar for transport og ferdsel i områda i sårbare tider av året og avgrense aktivitetar i verneområdet til eit minimum. Vidare bør det vere ein føresetnad at forskinga ikkje medfører inngrep eller varige spor i området. Det bør og settjast vilkår i høve til å få nytte resultatane i den praktiske forvaltninga.

Det er vidare viktig å settje fokus på bruken og potensialet knytta til SVR som grunnlag for strategisk og målretta næringsutvikling. Det er og behov for å settje fokus på tilhøve og faktorar som kan ha tyding for området sin framtidige tilstand i lokalt, regionalt og nasjonalt perspektiv (menneskeleg aktivitet / kulturpåverknad – "levande bygder – sunne fjell"). Forskinga kan fort bli eit teoretisk distansert arbeid. Forvaltninga bør difor legge inn føresetnader i ev. medverknad, som fører til auka medvit om dei tilhøva ein avdekkjer mellom dei det gjeld. Det kan skje i form av informasjon og kunnskapsoverføring til relaterte næringsutviklingsprosessar i forlenginga av forskinga osv.

Forvaltingsstyresmakta kan og bør peike ut lite sårbare område i kvar kommune som referanseområde der skular kan ha feltarbeid og følgje utvikling av naturtilstand over tid.

Aktuelle tema for vidare forskning og utgreiing:

- Kva forskning blir drive i SVR i dag?
- Kraftliner og vassdragsregulering – innverknad på villreinen sin områdebruk
- Ferdsel – innverknad på villreinen sin områdebruk (oversikt over samla ferdsel i SVR, type ferdsel m.v.)
- Naturen i SVR- faktorane (klimate, beite, inngrep, uroing etc.) si tyding for bereevne og stammestorleik
- Stammeforvaltning – jaktutøvinga/ -organiseringa og innverknad av jaktrelatert ferdsel på stammen spesielt
- Villrein – dokumentasjon av stammestorleik
- Sauebeite: Dokumentasjon av beitegrunnlag og verdi – strategisk beiteforvaltning
- Sauebeite: Tyding av beitetrykk for biologisk mangfald (vegetasjon og vilt)
- Vegetasjonsbilete – status pr 2003 og kvart 5-10 år framover - satellittfoto
- Ferdsel i SVR; tyding for truga artar i Norsk fauna og i SVR
- Dokumentasjon av biologisk mangfald – tilrettelegging / status eksisterande materiale – supplerande studiar.
- Næringsutvikling:
 - Vurdering av naturen si bereevne for alternativ aktivitet og bruk, med særskilt fokus på reiselivsutvikling, i SVR og randområda.

- Vurdering av marknad (nisjer/produkt), alternative bruksformer, bruksintensitet og sesongvariasjonar, i kort og langsiktig perspektiv. Naturens tåleevne i forhold til ulike tiltak - grunnlag for strategisk og målretta satsing på berekraftig næringsutvikling.
- Er det eit mål å sikre lokalt eigarskap til verdiskapinga?
- Fordelingspolitiske utfordringar som konsekvens av næringsutvikling i SVR
- Fordelingspolitiske utfordringar som konsekvens av verneområdestatusen (Td. auka attraksjonsverdi og auka ferdslar i terrenget som følgje av vernestatus, med konsekvens for grunneigar til dømes med redusert verdi og utbytte av jakt.)

• Sosiokulturelle problemstillingar:

- Lokal utnytting av heia i eit historisk perspektiv: tyding for persepsjon, identitet, kultur, kjensler. Definisjon av viktige verdiar og korleis ta vare på desse?
- Dersom det over tid finn stad ei endring av eigarinteresser og -rettar til fordel for allemannsretten og eksterne verksemder, kva konsekvensar vil det få på sikt for eigarar, kommunane, verneområdet og forvaltninga av området?
- Kva sosiokulturelle konsekvensar følgjer av vernet, og korleis bør forvaltninga møte desse utfordringane?

Samarbeid med interesseorganisasjonar og skular kan vere aktuelt for å samle data og dokumentere ulike tema.

5.4.1 Handlingsplan – dokumentasjon, forskning og undersøkingar

- Forsøket bør evaluerast i høve til verneføremåla – om forvaltninga fremjar føremålet med vernet. (- ikkje berre i høve til kriteria for val av forvaltingsmodell / forsøk - som i dag).
- Villrein – dokumentasjon av stammestorleik.
- Kartlegging av trekkaktivitet og menneskeleg aktivitet og ferdslar som grunnlag for realisering av konkrete langsiktige tiltak for å bøte på situasjonen i Gyvatområdet Steinsbuskardet-Blåsjø (Herunder vurdering av løypeomlegging frå dammen og nordover.)
- Fisk og fiske, kultivering av vassdrag og potensiale for ressursnyttning.
- Kulturminne, registrering og vurdering av framtidig skjøtsel / bruk
- Kartleggje aktivitet og ferdsel (transport, øvingar, arrangement og organisert aktivitet, omfang, område og årstider)
- Drøfting av utviklingsaksen frå utholing av allemannsretten til utholing av grunneigarrettane.
- Vegetasjonsbilete – status pr 2003 og kvart 5-10 år framover - satellittfoto
- Ferdsel i SVR; tyding for truga artar i Norsk fauna og i SVR spesielt

"Med stor tvil, kommer stor forståelse, med liten tvil, kommer liten forståelse."

kinesisk ordtak

- Næringsutvikling: Vurdering av naturen si bereevne for næringsutvikling med særskilt fokus på reiselivsutvikling i SVR og randområda.
- Vurdering av marknad (nisjer/produkt), alternative bruksformer og bruksintensitet og sesongvariasjonar i kort og langsiktig perspektiv.
- Naturens toåleevne i høve til ulike tiltak - grunnlag for strategisk og målretta satsing på berekraftig næringsutvikling.

5.5 Næringsrelatert bruk og næringsutvikling i og ved svr

I regionen var det stor motstand mot statleg vern av heiane, dels av di ein meinte at det ville føre til auka ferdsel og uro for villreinen og fordi ein ønska å ta vare på heieområda på tradisjonell måte. På bakgrunn av desse haldningane og på bakgrunn av at forvaltninga ikkje ser at radikal kommersialisering kan tene føremålet med vernet, men snarare vere trugsmål mot verneverdiane, er ein i oppstarten av lokal forvaltning noko avvende på dette området.

Av omsyn til å ta vare på området sin art og karakter, med fred og ro, og å unngå forstyrning av villreinen, vil ein difor vere restriktiv til å opne områda for etablering av nye verksemder i sårbare område/tider av året, og til tung bruk gjennom organisert ferdsel.

Tradisjonell hausting og i sær sauebeite er viktig å oppretthalde for å skjotte området og hauste av heieressursane. Forvaltninga bør i samråd med grunneigarane sjå på potensialet som ligg i beiteressursane og ev. betre utnytting av desse gjennom meir strategisk beiteforvaltning enn det som er i dag.

I verneområdet ligg stolar og kulturlandskap som det er viktig å ta vare på. Forvaltingsstyresmakta skal leggje vekt på brukarinteressene til område med sterk kulturpåverknad og søke å medverke til vidareføring av drift innanfor ramma av vernet. I det ligg naudsyste tiltak for å modernisere drifta og bygningsmassen. Forvaltingsstyresmakta skal settje vilkår som tek vare på kulturvernet og naturvernomsyn i handsaming av slike saker.

I verneområdet er store nedslagsfelt varig verna mot vassdragsutbygging, t.d. Njardarheim i Valle og Bygland. I andre delar av heia kan det vere potensiale for småkraftverk i randområda. Ved vurdering av slike tiltak skal forvaltingsstyresmakta vurdere om tiltaket vil ha verknad på verneverdiane i verneområdet. Vernet skal ikkje trekkjast lenger enn det er fagleg grunnlag for.

Samstundes er det viktig å sjå heiane sitt potensiale for næringsutvikling knytta til tilliggjande bygder. Ved å medverke til forsterka relasjonar mellom folk og natur vil ein på sikt og kunne vente auka verdsetting av dei verdiane som ligg i verneområdet. I store delar av heia, og helst i sør ser ein potensiale til turopplegg for grupper om sommaren, t.d. med rideturar og stølsbuer ev. supplert med flyttbare element, som lavo osb. I tilknytning til Brokke-Suleskardvegen og vatna like ved vegen vil det og vere naturlege innfallsårer for båtbruk og kommersielle opplevingsturar. Vinterstid er hundekøyring aktuell reiselivsprodukt i delar av SVR. Forvaltninga må vurdere trase og lokalisering av slik aktivitet til område der ein ikkje kjem i konflikt med villrein.

Verneføreseigna og lov om motorisert ferdsel heimlar ikkje motoriserte opplevingsturar (persontransport) i heiane, - det gjeld barmarkskjøring, skuter og det gjeld ev. søknader om landingsdispensasjon for helikopter i samband med transport til friluftsliv- / naturopplevingstilbod.

For å avgrense ulempene og råderettsinnskrenkingane for grunneigarane som er omfatta av vernet, skal ein medverke til næringsutvikling som går på omsetnad av haustingressursar som jakt, fiske, naturoppleving og naudsyste mindre byggverk dersom det ikkje medfører vesentlege negative konsekvensar for verneinteressene. Haustinga skal berre omfatte fornybare ressursar og vere ei berekraftig forvaltning som ikkje reduserer artsmangfald eller trugar artar.

Forvaltninga ønskjer at alle skal kunne drive enkelt friluftsliv i verneområdet i tråd med naturen sine tolegrensar og etter førevar-prinsippet. Det er viktig å peike ut område som ein meiner er lite konfliktfylte for å kanalisere meir eller mindre organisert ferdsel og for å ta vare på tradisjonane og verdiane som t.d. turistforeiningane driv i Taumeområdet.

Ved handsaming av søknader skal forvaltingsstyresmakta i saksførebuinga halde møte der partane er samla, og der ein drøftar tiltaket og ev. vilkår for dispensasjon.

I område med særleg stor ferdsel og slitasje på naturen skal forvaltninga påleggje tiltak som bøter på dette i tråd med retningsliner for slike tiltak.

Kultivering av vassdrag er eit område som må avklårast nærmare, - det gjeld utsetting av fisk (artar/lokale stammar), kalking og anna som kan påverke naturtilstand og verneverdiar. I dag er det ikkje gode rutinar/ oppfølging i høve til innsamling av emballasje frå kalkinga.

5.5.1 Handlingsplan – næringsutvikling i og ved SVR

- Dokumentasjon av potensiale for ressursnyttning i utmark vil vere ei prioritert oppgåve i driftsfasen, særleg jakt, fiske og opplevingsbaserte tilbod., jf 5.4.1
- Kartlegging av naturen si bærekraft for ulike opplevings-tilbod og næringsutviling. PLP-prosjekt i samarbeid med interesserte bygdelag kring verneområdet.
- Oppretting av eit fond "Berekraftfond" for utvikling av nye stadbundne natur- og kulturbaserte næringer i og ved verneområdet. Arbeide med finansiering oppretting av statuttar
- Vurdere å opprette støtteordningar (fondsmiddel)– for å medvirke til:
 - å oppretthalde (gamle) driftsformer / drift,
 - skjøtsel og vedlikehald av sone 3 område,
 - utvikling av nye stadbundne natur- og kulturbaserte næringstiltak/bygdenæringar i og ved verneområdet.
 - utvikling av "muligheitskultur".
- Stimuleringstiltak – samordning av økonomiske verkmiddel, t.d friluftsmidler, stønad til særskilte tiltak i kulturlandskapet (SMIL) / næringsutvikling osv.
- Drifts- og skjøtelsplanar for utpeika sone 3 område.
- Etablering av informasjonsbasar for formidling av opplevingsturar og andre stadbundne natur- og kulturbaserte tilbod.

Eit krypinn i ein hellar
Forvaltingssekretariatet SVR

Urdalsnuten, det høgste punktet i Vest-Agder
Forvaltingssekretariatet SVR

Sauedrift er viktig utmarksnyttning i Kvinesdal og i SVR

Brotteli-løa
Forvaltingssekretariatet SVR

Øyan i Valle med utsikt inn mot SVR
Knut Erik Paulsen



5.6 Naturoppsyn og kontroll

Med oppsyn er meint naturoppsyn i medhald av lov, og primært oppsyn i samband med vernet.

Lov om statleg naturoppsyn er heimelsgrunnlag for Statens naturoppsyn (SNO) sitt virke mellom anna i verneområdet. Oppsynet sine oppgåver er heimla i eller i medhald av ulike særlover; friluftsløva, naturvernlova, kulturminneløva, motorferdsellova, viltlova, lakse- og innlandsfiskeløva og delar av forureiningslova.

Oppsynet sine oppgåver er å ivareta nasjonale miljøverdiar og førebyggje miljøkriminalitet.

SNO skal føre kontroll med at regelverk blir følgd. SNO skal og drive rettleiing og informasjon, samstundes som det kan drive skjøtselsarbeid, registrerings- og dokumentasjonsarbeid.

I SVR er SNO si primære oppgåve å sjå til at verneføresegnene blir haldne, og at ev. dispensasjonar blir nytta i høve til fastsette vilkår i einskildsaker.

SNO vil vere det organ som har kompetanse til å framskaffe faktaunderlag til å vurdere viltomsyn som grunnlag for ev. tilbaketrekking av dispensasjonar på kort varsel.

Av tilsyns- og kontrolloppgåvene i SVR i medhald av verneføresegn og særlover ønskjer ein at følgjande blir prioritert (i prioritert rekkefølge):

- Bygginge- og anleggssaker (irreversible inngrep)
- Aktivitet og ferdsel som kan føre til uro for villrein / støyforureining
- motorisert ferdsel i utmark (særleg i kalvings- og trekkperiodar / jakttida)
- ferdsel i samband med jakt (primært villreinjakt)
- Bruken av anleggsvegar
- Anna uro og aktivitet (større tiltak i samband med vasskraftanlegg/ drift - dispensasjonssaker)
- Fauna- og miljøkriminalitet (primært rovfuglar og andre sårbare artar/ raudlisteartar)
- Ev. militær øvingsaktivitet i heile SVR
- Kultivering av vassdrag, og særleg utsetting av fisk (artar) og oppattrydding / avfallshandtering (kalking)
- Rovdyr - under føresetnad av samsvar med gjeldande nasjonal politikk på området) og heimel i anna lovverk;
- Rask oppfølging av meldingar om rovdyr / skade på villrein og bufe
- Raskt uttak /felling av skadedyr.
- Melding om ev. registreringar av nye artar (truga / sårbare / introduserte artar) i SVR til forvaltingsmynde i den aktuelle kommunen.

SNO er ein viktig aktør i samarbeid med kommunane for å drive rettleiing og naturinformasjon og anna som kan auke medvit om omsyn innanfor verneområdet. Prioriterte oppgåver er:

- Vedlikehald av grense- og informasjonsmerking i SVR
- Informasjonsmateriell / utarbeiding i samarbeid med forvaltingsmynde
- Formidle regelverk og forvaltingsprinsipp og kjennskap om dette til grunneigarar og rettshavarar og aktørar / organisasjonar som organiserer verksemd i verneområdet
- Dokumentere områdebruken (villrein) – dokumentere ferdsel (type ferdsel)
- Dokumentere områdebruk og ferdsel (lovleg / ulovleg)
- Kommunisere resultat av kontrollar og påpeike utfordringar i høve til forvaltingsstyresmakta.
- Rettleiing og naturinformasjon til almenheten / publikum

5.7 Skjøtsel

Forvaltingsstyresmakta bør ta ansvar for å initiere / i verksette tiltak i samarbeid med dei som naturleg er partar på område som:

- Fjerning av ev. forsøpling / krav om opprydding der opphav er kjent
- Iverksetting av tiltak for å bøte på område med sår etter inngrep / uavslutta anlegg, t.d. erosjonsutsette område.
- I verksette skjøtselstiltak i kulturprega område under forfall – bruk av økonomiske virkemiddel og støtteordningar for interesserte eigarar

Oppføring av informasjonstavler – ettersyn og skjøtsel ved sterkt trafikkerte område.

5.8 Informasjon

Det er viktig å drive målretta informasjon og oppdatere materialet etterkvart som det er trong for det. Forvaltingssekretariatet, i samarbeid med kommunane, har eit særleg ansvar for informasjonsarbeid. Der det er naturleg bør informasjonsmateriell utformast i samarbeid med andre organisasjonar og aktørar.

Med stor del statleg grunn, Heiberg-kulturen, og omfattande energiproduksjon og kulturhistorie knytt til vassdragsutbygginga i området er det naturleg å ha det i mente i utforming av og innhald i informasjon knytta til SVR. Det vil og vere naturleg å samarbeide med grunneigarar, lag og organisasjonar, t.d. turistforeiningar om informasjon knytt til SVR.

Uteinformasjon - informasjonstavler

I SVR skal det førast opp informasjonstavler ved naturlege innfallsportar til verneområdet. Informasjonstavler kan og førast opp der publikum vil ha nytte eller glede av slik informasjon, t.d. i samband med rasteplassar, tettstader, museum eller liknande. Informasjonen skal vere generell og retta mot publikum.

Spesifikk og målretta informasjon skal utarbeidast der ein er redd for slitasje og konflikt med villrein som følge av ferdsel, telting osv, ved til dømes ved båtutsettingsrampa ved Roskreppfjorden i form av brosjyre/"brosjyreautomat" /informasjonstavle. Syte for at det ikkje blir camping og telting på dei mest sårbare tidene/områda.

Kart

I SVR skal det ligge føre opptrykte kart med nyttig og spesifisert informasjon om vernet og verneføresegnene i tillegg til praktiske opplysingar som kartbrukarar normalt vil ha nytte av å vite om.

Fysiske informasjonsanlegg

I dag peiker Bygdetunet i Kvæven seg ut som særleg tilrettelagt for naturinformasjon relatert til SVR. Setesdalsmuseet , Norsk Villreinsenter og liknande

framtidige anlegg kan og vere eigna stader for informasjonssatellittar om SVR. I tillegg skal ein på sikt søkje å etablere opplegg og koplingar til eksisterande verksemdar med tanke på personleg service og informasjon, t.d. i offentlege servicekontor, turistkontor, museum og andre offentlege publikumsretta anlegg med geografisk og tematisk spreing. Ein vil vurdere mindre "informasjons-hytter" i samband med stølsmiljø /turistforeiningshytter eller ved naturlege innfallsportar til heia der grunneigarane er positive til slike tiltak. Det er viktig at ein når ut med heilskapleg og einsarta og oppdatert informasjon ved naturlege innfallsportar rundt om heile heia.

Ein må vidare arbeide med å finne fram til eigna anlegg/lokalisering i kommunane.

Anna informasjonsmateriell - brosjyrar

Det kan vere aktuelt å utarbeide informasjon retta mot spesielle målgrupper t.d. villreinjegerar, eller for spesielle tema, t.d. motorisert ferdsel.

Tilrettelagt informasjon – pedagogisk opplegg – undervisning

Forvaltingsstyresmakta bør i kvar kommune peike ut eigna område som referanseområde for skulane.

Der det er lite konfliktfylt og der det kan medverke til auka interesse for området kan det tilretteleggast turar ("naturlos") retta mot publikum. Samarbeid med oppsynet kan gje folk rettleiing og naturinformasjon i terrenget.

Heimesider sekretariat

Heimesidene skal haldast oppdaterte i høve til eksterne lesarar. Dei skal ha ein "statisk bolck" om historikk, bakgrunn, natur- og verneverdiar osv., og ein bolck som omhandlar aktuelle saker og tilhøve som ein ønskjer å informere om til ei kvar tid.

Sekretariatet skal ha samordningsfunksjon mellom kommunane, i høve til media og i høve til overordna styresmakter i felles- / prinsipsaker som vedkjem verneområdet.

Sekretariatet skal informere samarbeidspartnarar og forvaltinga generelt om prosessen og prosjektet Det skal og organiseres årlege informasjonsmøte og utforme pressemeldingar om aktuelle hendingar og saker.



VELKOMEN TIL VERNEOMRÅDA I SETESDAL VESTHEI – RYFYLKEHEIANE

Den sørlegaste villreinstamma i Europa lever i heiane mellom Setesdal og Ryfylke. Villreinen har vore karakterdyret her sidan isen trakk seg tilbake. Reinen er eit nomadisk dyr som krev store areal og er vår for forstyringar.

Store delar av fjellområda er eit grunnfjellsplatå med lite vegetasjon. Parti med lausmassar og næringsrike bergartar skapar stadvis grunnlag for ein rik fjellflora med innslag av sjeldne planter. Området dannar ei sørleg grense for dei fleste vanlege fjellviltartar i Noreg. Det er gjort store naturinngrep i samband med kraft- og vegutbygging. Likevel finn vi framleis store område med urørt natur. Mange av kulturminna er knytte til jakt og fangst av villrein.

Det finst kulturlandskap med spor etter omfattande fedrift og sauebeite. Det er og spor etter gruvedrift.

Om lag 1/3 av verneareal er eigd av staten, resten er i privat eige. Vernet er ikkje til hinder for tradisjonell bruk og ressursnyting. Frå naturen blir det hausta aure, rein, nype og anna småvilt.

Det er mykje sau som beiter i heiane. Mange av dei tidlegare ferdselsvegane mellom Setesdal, Øvre Telemark og Ryfylke gjekk gjennom området. Fleire turistløyper følger desse. Turistforeininga og Statskog legg til rette for naturoppleving og det enkle friluftslivet. Mykje av aktivitetane har utspring i Njardarheim, ein eigedom som tidlegare var eigd av Thv. Heiberg.

English: The southernmost population of reindeer in Europe lives in the heiane (mountain areas) between Setesdal and Ryfylke. The reindeer has been the characteristic animal here since the ice retreated. The reindeer is a nomadic animal that requires large areas and is a disturbance to the forest.

Most of the mountain areas consist of a lowland plateau with sparse vegetation. In places, there are loose rocks and nutrient-rich rock formations that create a rich mountain flora with some rare plants. The area forms a southern limit for most common species of mountain wildlife in Norway. Significant natural interventions have been made in connection with power and road construction. Nevertheless, we still find large areas of unspoiled nature. Many of the cultural heritage sites are related to hunting and trapping of reindeer.

There are still cultural landscapes with signs of extensive reindeer husbandry and sheep husbandry. There are also signs of mining.

Approximately 1/3 of the conservation area is owned by the government, the rest is privately owned. The protection does not hinder traditional use and resource management. From nature, reindeer, roe deer, and other small game are harvested.

There is still a lot of sheep grazing in the heiane. Many of the old travel routes between Setesdal, Upper Telemark and Ryfylke went through the area. Several tourist trails follow these. The Tourist Association and Statskog provide facilities for nature appreciation and easy outdoor life. Much of the activities have their roots in Njardarheim, an estate that was once owned by Thv. Heiberg.

**Miljøvernminister
Knut Arild Hareide avduka
den første informasjonstavla
i SVR i Bykle 20.09.04**

**Grafisk profil – dømme på
informasjonstavlene**



6 organisering – driftsfase

6.1 Frå etableringsfase til driftsfase

I "Ramme for forvaltning av Setesdal Vesthei – Ryfylkeheiane" tilrådde ein forsøk med lokal forvaltning. Miljøverndepartementet bad Direktoratet for Naturforvaltning (DN) om å følgje saka med sikte på gjennomføring av prøveprosjekt med lokal forvaltning. MD innførte forsøk med lokal forvaltning, dvs. delegert forvaltingsmynde, til dei respektive kommunane i ein periode på 5 år. Kvar kommune forvaltar no sine areal innanfor verneområdet etter vernereglar som er fastsette i kronprinsregentens resolusjon av 28.04.00. Arbeidet med utarbeiding av forvaltingsplan har gått føre seg i ein såkalla "etableringsfase" (2001-2003) som blir vidareført i ein såkalla driftsfase (2003-2008)

I tillegg til delegert forvaltning vart det innført forsøk med at kommunane skulle vere klageinstans for einskildvedtak etter vernereføresegnene. Dette vart godkjent etter søknad frå den einskilde kommune til Kommunal og Regionaldepartementet (KRD). I samband med dette vart interne delegasjonsreglement tilpassa i kommunane.

Delegasjonen frå Miljøverndepartementet datert 15.07.01 fastsette at delegasjonen vart gjort gjeldande 1. juli 2001, og at den skulle gjelde i ein periode på inntil 5 år.

Norsk Institutt for By- og Regionforskning (NIBR) vart engasjert til å evaluere forsøket og kome med sluttrapport innan 1.10.2006. Evalueringa skal danne grunnlag for tilbakemelding til Stortinget om røynslene med forsøket.

Styret vart i møte 20.11.03 samde om at ein vil arbeide for at delegasjonsperioden blir utvida i tråd med ramma for å få rimeleg tidshorisont til å hente røynsler etter at forvaltingsplanen er godkjent.

6.2 Organisering

Interkommunalt styre, nettverk, referanser

Det er oppretta eit interkommunalt styre etter § 27 i Kommuneleva med eigen vedtekt . Dei 8 kommunane formaliserte samarbeidet gjennom vedtak i dei respektive kommunestyra hausten 2001.

Samarbeidet omfatta utarbeiding av forvaltningsplan og gjennomføring av ein etterfølgjande prøveperiode med praktisk forvaltning. (Styret har ikkje forvaltingsmynde). Styret har oppretta eit arbeidsutval.

Ei referansegruppe skal gje faglege innspel i prosessen. Nettverksforumet er administrative representantar i kommunane som gjev faglege råd, syter for samordning og likskap i sakshandsaminga.

* Referansegruppa var opphavleg 8 representantar men vart utvida med 3 observatørar i løpet av 2002. Dette blir vidareført i driftsfasen med 11 faste og likeverdige representantar.

Forvaltingssekretariat

Det er oppretta eit forvaltingssekretariat med eigen prosjektleiar som har til hovudoppgåve å samordne den lokale forvaltninga og utarbeide forvaltningsplan. Valle kommune er vertskommune for sekretariat. Valle kommune yter post og sentralbordfunksjonar i tillegg til økonomitenester for sekretariatet. Kontoret var oppretta i 2001. Prosjektleiar vart tilsett frå 01.08.2001.(Sekretariatet har ikkje forvaltingsmynde).

Oppretta organ med styre, arbeidsutval, nettverk og referansegruppe blir vidareført i driftsfasa slik dei er i dag med den endringa at dei som har observatørstatus i referansegruppa i dag blir vanlege medlemmer på line med resten.

Forvaltingssekretariatet blir vidareført i forsøksperioden Sekretariatet førebur og i samråd med styreleiar, fremmjær saker for styret og AU. Sekretariatet organiserer arbeidet i tråd med føringar frå styret og rammer frå DN.

6.3 Prosess – samarbeid – møteverksemd

Ein ser føre seg møteaktivitet om lag slik pr.år:

- Styremøte: 4-5
 - Arbeidsutval: etter trong
 - Nettverksmøte: 4
 - Referansegruppemøte: 2-3
 - Opne møte: 1
 - Møte med DN: 1-2
- Innføre årlege "Kontaktmøte" i kvar kommune mellom grunneigarar, forvaltninga, oppsynet og sekretariatet, og ev aktuelle interesseorganisasjonar med lokal tilknytting. Sekretariatet har ansvar for tilskiping av møta.

Andre årlege møte :

- Grunneigarorganisasjonar,
- Statens naturoppsyn og politiet
- Villreinlag/villreinnemnd
- Turistforeiningane
- Statsskog
- Energiprodusentane
- (Forsvaret)

Møte med NIBR – kan arrangerast dersom det er nødvendig – naturleg i samband med deltaking i nemnde møte Regionalt arrangement: 1 årleg seminar /konferanse over relevant tema innfor "bruk og vern"

I tillegg bør sekretariatet organisere temamøte for sakshandsamarar som og femner om dei som har ansvar for sakshandsaming i verneområdet utover nettverket. Døme er motorferdselsaker, byggesaker osb. og kommuneplanlegging i og ved verneområdet.

Sekretariatet bør og leggje til rette for god dialog med aktørar som ikkje formelt er representerte i prosjektet, men som har interesser å ivareta.

6.4 Sentrale oppgåver for sekretariatet i driftsperioden Sekretariatet bør arbeide vidare med:

- å sikre løyvingar til gjennomføring av forsøket med lokal forvaltning i heile forsøksperioden, her under og finansiering av tiltak nedfelt i forvaltingsplanen.
- å sikre god kommunikasjon og samhandling mellom kommunane og slik sikre likskap og heilskap i forvaltingsutøvinga.
- Oppfølging av tiltak i forvaltingsplanen:
 - Hjelpe kommunane i arbeid med realisering av tiltak fastsett i forvaltingsplanen.
 - Medverke til samarbeid med og mellom ulike aktørar og organisasjonar for å realisere tiltaka.
 - Eit prioritert tiltak i driftsfasen er å arbeide med status og kartlegging av potensiale for berekraftig bruk av verneområdet og bygdesamfunna rundt og setje sterkare fokus på koplinga mellom verneområdet og kringliggjande lokalsamfunn og busetnad.
 - Tilrettelegging og innsyn i konsesjonar og regelverk for kraftselskapa til hjelp for kommunane
 - oppstart av arbeid med samarbeidsavtaler med kraftselskapa for å nedfelle rutinar for sakstypar/og ordningar mellom verneområdeforvaltninga og vasskraftproduzentane t.d. vedrørende dispensasjon, loggføring, søknad-/melding, brøyting osv.
- Utarbeide sjekklister / rutiner / standardisering for sakshandsaming etter sakstype T.d. liste over kva for instansar ein skal hente råd frå i ulike typar saker, kven som skal ha kopi av ulike vedtak, kven som skal inn i klagesakshandsaming osv..
- Kvalitetssikring av forvaltingspraksis som sikrar at restriksjonsnivå ikkje blir strengare enn det verneføreseigna heimlar eller meir lempeleg enn intensjonane med verneføresegn og det forvaltingsplanen legg opp til.
- Aktuelle problemstillingar og sakshandsaming i høve til andre særlover, t.d. viltlova, innlandsfiskelova, vegtrafikklova, vassressurslova, rikspolitiske retningsliner for verna vassdrag, lov om motorisert ferdsel i utmark, lov om kulturminne, forureiningslova, friluftslova og plan- og bygningslova osv.
- Foreldingsproblematikk i høve til statlege erstatningsordningar for store verneområde, med tanke på å få aksept for erstatning til involverte partar i tråd med "Ramme for forvaltning av Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane" som vart lagt til grunn for forsøket.
 - Arbeide med å kvantifisere og verifisere reell råderettsinnskrenkingar og om mogleg få forlenga frist for krav om erstatning i tråd med ramma.
 - Sekundært arbeide med å få på plass andre kompenserte ordningar til bygdelaga eller at nye statlege ordningar blir utforma slik at dei og kan omfatte SVR.
- Samordning og formalisering av andre forvaltingsorgan og nivå innanfor verneområdet (NVE, Forsvaret, Fiskeforvaltninga, Villreinforvaltninga osv.)

6.5 Rutinar for utveksling av røynsle og forvaltingskompetanse

Rutinar for utveksling av røynsle/ døme på sakshandsaming: kommunane vidarefører rutinar med å sende kopi av alle dispensasjonssaker til dei andre kommunane i SVR, fylkesmannen, NIBR, DN, SNO og politi og Forvaltingssekretariatet.

I tillegg skal andre saker som kan vere av interesse for desse å kjenne til sendast over, - det kan gjelde tilhøve som er i tråd med verneføreseigna og tolking av denne, - og anna.

Nettverkspersonane har særleg ansvar for å melde behov for prinsipielle avklåringar / sakstypar til sekretariatet for førebuing av slike diskusjonar i ulike fora i organisasjonen.

Ein bør og ha årleg kontakt med tilliggande verneområde for å utveksle røynsler og synspunkt.

6.6 Saksgang – rutinar for sakshandsaminga

1. Søknad om tiltak / dispensasjon frå verneføresegn skal sendast kommunen
2. Kommunen førebur sak, hentar inn ev. råd og naudsynte temaopplysingar for at saka skal vere tilstrekkeleg opplyst. (Kommunen kan fastsette ein frist for å gje slike råd)
 - Kommunen syter for samordning med ev. andre kommunar som blir berørt av saka.

3. Kommunen føretekk ev. synfaring der det er behov for det.
 - Partar og andre som naturleg bør delta blir varsla og gjevne høve til å delta.

4. Kommunen vurderer saka i høve til verneføreseigna på bakgrunn av søknad og saksførebuing.

I høve til verneføreseigna;

- om tiltaket er i strid med føremålet med vernet
- om tiltaket er innanfor opplista tiltak som er forbode
- om tiltaket blir oppfatta som "tvil om motstrid med verneføremål" – til uttale hjå Fylkesmannen / jf. presedens i liknande saker handsama i SVR
- om tiltaket er innanfor saksområdet som forvaltingsstyremakta kan vurdere å gje dispensasjon til; i høve til sone mål og retningslinjer i forvaltingsplan

5. Vedtak

Nedanfor er gitt nokre føringar og utdrag i høve til vanleg saksgang. Teksta er ikkje uttømande, men bygger på utdrag og rettleiing mellom anna i Forvaltingshåndboka og Forvaltingslova.

Kommunen fullfører sakshandsaming;

- Vedtaket skal syne til heimelsgrunnlag i verneføreseigna.
- Vedtak skal som hovudregel vere skriftleg, jf. § 27 i forvaltingslova.
- Vedtaket skal ha grunngeving samstundes med at vedtak blir gjort.
- Ein skal syne til dei reglane vedtaket bygger på og gje att innhaldet i reglane eller problemstillinga vedtaket bygger på slik at parten er i stand til å forstå vedtaket.
- I vedtaket skal det visast til dei faktiske tilhøva som vedtaket bygger på, t.d. ved å syne til tidlegare dokument som er kjent for parten.
- Ved utøving av skjøn bør og hovudomsyn som har vore avgjerande for utøvinga av skjønnet nemnast. I mange tilfelle vil det vere nok å syne til retningslinene i forvaltingsplanen.
- Parten skal opplysast om høve til klage på vedtak, t.d. opplysingar om frist, at klaga skal vere skriftleg osv. og at klaga skal sendast til kommunen.
- Parten skal orienterast om ev. behov for sakshandsaming etter særlov / anna lovverk i tillegg og ev. oppsettande verknad av vedtaket etter verneføreseigna i påvente av dette
- I saker som i tillegg føreset løyve/aksept frå grunneigar, bør kommunen opplyse om dette.
- Kommunen sender kopi av alle vedtak til part, samt sekretariat og nettverk + SNO.
- Kommunen sender kopi av dispensasjonssaker til sekretariat, nettverk og SNO + NIBR, Fylkesmann og DN, villreinnemnd, kulturvernstyresmakter m.fl.

6.6.1 Meir om klagesakshandsaming

Part eller andre med rettsleg interesse ("den som får sin rettslege eller faktiske stilling berørt av vedtaket" (29) har høve til å få prøva enkeltvedtak gjennom klage, jf. § 28 i forvaltingslova, eller i domstolane. (Domstolen kan normalt ikkje overprøve skjønnsutøving, medan overordna forvaltingsorgan normalt kan og skal gjere det.)

- Organisasjonar kan ha sjølvstendig klagerett, avhengig av føremål og representativitet.
- Klagen skal rettast til det organ som har fatta vedtaket. (Kommunen)*
- Styret i SVR skal gje uttale før vedtak blir fatta i klagesaker i dei respektive kommunane.
- Vedtak i klagesak kan normalt ikkje påklagast.
- Dersom overordna klageinstans omgjer eit vedtak som ikkje har vore påklaga, kan dette vedtaket påklagast vidare.
- Klagefristen er 3 veker frå tidspunktet underretninga om vedtaket er kome fram til parten.
- For vedtak som går ut på å "tilstå nokon ein rett" er klagefristen tre månader frå då vedtaket vart fatta.
- I SVR er kommunane delegert klagemynde. Klageinstans blir difor nivået over det leddet som fatta det opphavlege vedtaket, i dei fleste tilfelle kommunestyret (30)

6.7 Behov for justering av vernegrense og - føresegn

I arbeidet med utforming av forvaltingsplan har ein sett behov for justering av delar av verneføresegn og mindre justeringar av verneområdegrensa – dette vart samla i eige kapitel. DN har i si godkjenning uttrykt at ein ikkje ønskjer å ta stilling til dette no og difor tilrådd at stoffet blir flutt til vedlegg. Framlegga er difor flutte bak, medan ein siterer ein del punkt frå godkjenningsbrevet som er relevant og førande for tolking av verneføresegna fram til ev. formell justering/ending.

DN opplyser samstundes at endringar av vesentleg karakter berre kan gjerast etter høyring og som vedtak i statsråd. DN har fullmakt til å vedta mindre endringar, retting av feil og presiseringar. Det same gjeld mindre grenseendringar. Vesentlege grenseendringar krev høyring og vedtak i statsråd.

Styret i SVR hadde tilsvarande merknad i møte 3.mars 04 at SVR skal involverast på det tidspunkt det kan bli aktuelt å vurder justering av verneføresegna og føresette at styret skal vere samde i ev. justeringar. (Dette ut føresetnader i mandat/og tilslutningsvedtak til forvaltingsplanen frå kommunane.) Sjå vedlegg av referat og skriv mellom DN og styret i SVR i slutføringa av forvaltingsplanen.

29 Lagerløv Sverre (red), adNotam-Gyldendal, Forvaltingshåndboka, s68

30 Vedtak frå kommunal og administrasjonsdep i samband med etablering av forsøket

Verneføresegn – Landskapsvernområdet

FOR 2000-04-28 nr 409: Forskrift om vern av Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde, Bykle, Valle og Bygland kommunar, Aust-Agder, Åseral, Hægebostad, Kvinesdal og Sirdal kommunar, Vest-Agder og Forsand kommune, Rogaland.

Innhold

Forskrift om vern av Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde, Bykle, Valle og Bygland kommunar, Aust-Agder, Åseral, Hægebostad, Kvinesdal og Sirdal kommunar, Vest-Agder og Forsand kommune, Rogaland.

- I
- II. Avgrensing
- III. Føremålet
- IV. Vernereglar
- V. Forvaltningsplan
- VI. Unntak i særskilde høve
- VII. Forvaltningsstyresmakt
- VIII. Rådgjevande utval
- IX. Ikrafttreding

Forskrift om vern av Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde, Bykle, Valle og Bygland kommunar, Aust-Agder, Åseral, Hægebostad, Kvinesdal og Sirdal kommunar, Vest-Agder og Forsand kommune, Rogaland.

Fastsett ved Kronprinsreg.res. 28. april 2000 med heimel i lov av 19. juni 1970 nr. 63 om naturvern § 5 og § 6, jf. § 14, § 21, § 22 og § 23. Fremja av Miljøverndepartementet.

I.

I medhald av lov om naturvern av 19. juni 1970 nr. 63, §§ 5 og 6, jf. §§ 14, 21, 22 og 23, er eit område verna ved kronprinsregentens resolusjon av 28. april 2000 som landskapsvernområde med dyrelivsfredning under namnet Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde. Området ligg i Bykle, Valle og Bygland kommunar i Aust-Agder fylke, Åseral, Hægebostad, Kvinesdal og Sirdal kommunar i Vest-Agder fylke og Forsand kommune i Rogaland fylke.

II. Avgrensing

Det verna området omfattar heile eller delar av følgjande gnr/bnr:

Bykle:

1/1,2,3,4,6,7,8,10, 2/1,2,4,8, 4/2,3,5,8, 5/1, 6/1,4,5,7,8,10,14, 7/1,2, 8/1,2, 9/1,4,5, 10/1,2,3,4, 11/1,2,4, 12/1,2, 20/2,3,4, 22/1.

Valle:

21/1,5,7,8,11, 26/1,2,3,4,7, 27/1,2,5,11, 47/3, 48/3,4,5,6,13,16, 50/1,3,5,6,7,8,9,10,17,18, 51/1,3,4,6, 55/2, 60/1,2,3,4,5,6,30,35, 61/1, 62/1,2,3,4,5,6,7,8,12,13,14,28, 63/1,3,5,6,7,8,10,19,20, 64/1,2,5,7, 68/1,2,5,6,7,8,12,18,33,35,36,37,38,39,40,43,54,61,65,66,67,90, 70/1,2,3,4,5,6,9,20,54, 71/1,2,3,9.

Bygland:

2/1,2,3,4,5,7,12,14,16,17,20,21,24,26,27,28,29,30,31,32,33,36 3/1,2,3,4,5,9,10,11,12,13,4/1,2,3,4,5,6,12,13,18,22,23,24,25,26, 27, 5/1,2,9,12,18, 6/1, 9/15.

Åseral:

1,2,3,4,6,7,10,11,12,13,26, 2/1,3,4,5,6,7,8,9,10,14,15,16,18,19,22,23,24,52,59, 5/1,2,5, 6/1,3,4,6,11,13,14,15,16,17, 7/1,3,4,5,6,7,8,11,13,15,16,65, 8/1,2,7.

Hægebostad:

101/4,7,9, 102/1,2,3,4,5,6,8, 106/1,3,4.

Kvinesdal:

191/1,2,4,5,6,7, 221/1,2.

Sirdal:

1/1,2,3,4,6,7,8,10,17,18,19,20,21,23,25, 2/2,3,4,5,6,7,8, 14,15,16,17,18,19,20,21,22,23,24,25,26,27,28,29,30,31,32,33,3 4,35,36,37, 38,39,40,41,42,43,44,45,46,47, 48,49,50,51,52,53,54,55,56,57,58,59,60,61,62, 63,64,65,66,67,68,69,70,71,72,73,74,75,76,85, 3/2,4,5,6,11, 4/1,2,4,5, 5/1,3,5, 9/1,2,3,4,5,6,7,9,10,11,12,14,22,91, 10/1,2,3,4,6,9,11,12,13,28,29.

Forsand:

23/1,2,3,4,5,6,7,8,9,11,12,13,14,15,44, 24/1,2,3,4,5,6,8,9.

Landskapsvernområdet dekker eit areal på 2.346,7 km².

Grensene for landskapsvernområdet framgår av kart i målestokk 1:80.000, datert Miljøverndepartementet mars 2000. Kart og verneforskrift blir oppbevarte i dei berørte kommunane, hjå fylkesmennene i Aust-Agder, Vest-Agder og Rogaland, i Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet.

Dei nøyaktige grensene for landskapsvernområdet skal merkast opp i marka etter nærare tilvising frå forvaltningsstyresmakta. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

Innafor landskapsvernområdet er det særskilde kalvingssoner og trekksoner for villrein med ferdslerereguleringar. Grensene for desse sonene er tekna inn på kartet. Direktoratet for naturforvaltning kan ved forskrift oppheve ferdslerereguleringane eller endre grensene for desse sonene.

III. Føremålet

Føremålet med vernet er:

1. Å ta vare på eit samanhengande, særmerkt og vakkert naturområde med urørte fjell, hei og fjellskogsområde med eit særmerkt plante- og dyreliv, stølsområde, beitelandskap og kulturminne.
2. Å ta vare på eit samanhengande fjellområde som leveområde for den sørlegaste villreinstamma i Europa.

IV. Vernereglar

For landskapsvernområdet gjeld følgjande reglar:

1. Landskapet

- 1.1 Det må ikkje gjerast inngrep som vesentleg kan endra eller innverke på landskapet sin art eller karakter. I dette er medrekna:

Oppføring av bygningar, anlegg og faste innretningar, framføring av luftledningar, jordkablar og røyr, bygging av vegar og rasteplassar, oppsetting av autovern, drenering og anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling, planering og lagring av masse, lausbryting og fjerning av stein og mineral, bergverksdrift, vassdragsregulering, gjødsling, sprøyting med kjemiske midlar, nydyrking, såing, planting, endring i samansetnaden av treslag ved skogkultur, plassering av campingvogner og bular. Oppstillinga er ikkje uttømmende.

Fylkesmannen avgjer i tvilstilfelle om eit tiltak kan endre landskapet sin art eller karakter vesentleg.
- 1.2 Reglane i 1.1 er ikkje til hinder for:
 - a) Tradisjonell landbruksdrift, herunder støling, stenging av skårfeste, oppsetting av kve o.l. som er naudsynt for fedrifta.
 - b) Vedlikehald av bygningar, vegar og anlegg.
 - c) Vedlikehald av merka, eksisterande stiar og løyper. Forvaltningsstyremakta kan nekte vedlikehald av merka stier og løyper når det av omsyn til føremålet med vernet er ønskeleg å redusere ferdsla i ein-skilde område.
 - d) Manøvrering av regulerte vassdrag i tråd med gjeldande konsesjonsvilkår og vedlikehald og tilsyn av konsesjonsgjevne kraftanlegg, herunder anleggsvegar, luker, dammar, radiolinkar og kraftliner og herunder naudsynt auke i linetverrsnitt.
- 1.3 Når verksemda eller tiltaket kan skje utan at det strir mot føremålet med vernet, kan forvaltningsstyremakta på nærare vilkår gje løyve til:
 - a) Nydyrking, framføring av jordbruksveg og oppsetting av gjerde.
 - b) Oppattbygging av bygningar som er gått tapt ved brann eller naturskade, og oppattbygging av nedfalne -bygningar som høyrer med i det tradisjonelle bygningsmiljøet i stølsgrender. Eventuelle vilkår for og utforming av bygningar skal setjast i samråd med fylkeskonservatoren.
 - c) Mindre tilbygg til eksisterande bygningar.
 - d) Opparbeiding og merking av nye turstiar og løyper.

2. Plantelivet

- 2.1 Nye plantearter må ikkje innførast.
- 2.2 Tradisjonelt beite er tillate. Direktoratet for naturforvaltning kan ved forskrift regulere beite som er i strid med verneføremålet.
- 2.3 Hogst skal foregå i samsvar med reglar for hogst i vernskog.

3. Dyrelivet

- 3.1 Nye dyrearter må ikkje innførast.
- 3.2 Jakt er tillate etter viltlova sine reglar.
- 3.3 Fiske er tillate etter lakse- og innlandsfiskeloven.

4. Ferdsle (ikkje motorisert ferdsle)

- All ferdsle skal skje omsynsfullt for ikkje å skade natur- og kulturverdiar, forstyrre dyrelivet eller beitedyr eller vere til ulempe for andre.
- 4.1 Arrangørar av større organiserte arrangement som idrettsarrangement, jaktprøver, store teltleirar og militærøvingar, må søke forvaltningsstyremakta om løyve til arrangementet.
 - 4.2 I dei særskilde kalvingsonene Storenos (1), Vatnedalsheii (2), Ratevassnuten (3) og Svarvaren (4), og i trekksone Breidvatn (5) som er avmerkt på kartet, er all ferdsle forbode i tidsrommet f.o.m. 25. april t.o.m. 31. mai.

I dei særskilde trekksone Svarteløkfjellet (6), Vardsvatn-Kvislevassknuten (7), Andersvatnet-Børsteinvatnet (8) og Steinbuskardet (9) er all ferdsle forbode f.o.m. 15. april t.o.m. 20. mai.
 - 4.2.1 Forbodet i pkt. 4.2 er ikkje til hinder for:
 - a) Ferdsle som følgjer veg og merka løype.
 - b) Naudsynt ferdsle i samband med utbetring av skade på kraftanlegg.
 - c) naudsynt ferdsle for grunneigar for tilsyn av eigedomen sin.
 - d) Ferdsle i samband med militær operativ verksemd, ambulanse-, politi-, brannvern-, sikrings-, oppsyns-, skjøtsels- og forvaltningsverksemd.
 - 4.3 Bruk av ridehest og sykkel i utmark er berre tillate langs særskilde trasear som er kartfesta i forvaltningsplanen.
 - 4.4 Innafor nærare avgrensa deler av landskapsvernområdet kan Direktoratet for naturforvaltning ved forskrift forby all slags ferdsle heile året eller ein del av året når ein reknar det naudsynt for å verne naturmiljøet eller dyrelivet.
 - 4.5 Forvaltningsstyremakta kan gjere unntak frå forbodet i pkt. 4.2 i særlege tilfelle når det ikkje strir mot føremålet med vernet, sjå pkt. VI.

5. Motorisert ferdsle

5.1

- a) Motorisert ferdsle på land er forbode.
- b) Lågtflyging under 300 m over kalvingsområder og trekksoner, jf. kap. II, er forbode.
- c) Start og landing med motordrevne luftfarty er forbode. Med landing forstås ein også henting og bringing av passasjerar og gods sjølv om landing i fysisk forstand ikkje finn stad.

5.2 Veggen Brokke-Suleskard skal vere stengd i tidsrommet f.o.m. 1. november t.o.m. 20. mai. Veggen skal ikkje brøytast før 12. mai der han kryssar trekksona Vardsvatn-Kvislevassknuten.

5.3 Forbodet i pkt 5.1 gjeld ikkje:

- a) Motorisert ferdsle i samband med militær operativ verksemd, ambulanse-, politi-, brannvern-, sikrings-, oppsyns-, skjøtsels- og forvaltingsverksemd. Øvingskøyring i samband med desse føremåla krev særskild løyve.
- b) Motorferdsle på veg, herunder anleggsvegar etter gjeldande konsesjonsvilkår.
- c) Landing med motordrevne luftfarty for henting av felt storvilt på eller ved følgjande vatn: Krokevatn, Ratevatn, Bånevatn, Storsteinvatnet, Ormsavatn og Karlsvatn i Bykle, Bossvatn i Valle, Storevatn i Sirdal og Kolsheivatn, Monsvatn, Storolavsvatn og Lykkjevatt i Bygland kommune.

All lufttransport skal meldast til forvaltningsstyresmakta før transporten tek til.

5.4 Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gje løyve til:

- a) Naudsynt luft og snøskutertransport som trengst i samband med:
 - jord- og beitebruk, t.d. frakt av gjerdeutstyr
 - frakt av ved eller hogstvirke
 - frakt av felt storvilt
 - kalking.
- b) Naudsynt luft- og snøskutertransport som trengst ved tilsyn og vedlikehald av kraftanlegg, sjå pkt 1.2.
- d. Ved akutte behov for slik transport skal det sendast melding.
- c) Naudsynt luft- og snøskutertransport av materialar til hytter, klopper mv. og av brenslø, utstyr og proviant til hytter og buer.
- d) Opning/stenging av Brokke-Suleskardvegen ut over dei faste tidspunkta, ved heilt spesielle forhold og da etter retningsliner gitt i avtale av 12. april 1999 mellom fylkesmannen i Aust-Agder og Statens Vegvesen.

V. Forvaltningsplan

Forvaltningsstyresmakta kan setje i verk tiltak for å fremja føremålet med vernet. Det skal utarbeidast forvaltningsplan med nærare retningsliner når det gjeld forvaltning, skjøtsel, tilrettelegging, informasjon og rådgjeving. Forvaltningsplanen skal godkjennast av Direktoratet for naturforvaltning.

VI. Unntak i særskilde høve

Forvaltningsstyresmakta kan gjera unntak frå verne-reglane i kap. IV når føremålet med vernet krev det, for vitskaplege undersøkingar, for tiltak av vesentleg verdi for samfunnet og i særskilde tilfelle når det ikkje strir mot føremålet med vernet.

VII. Forvaltningsstyresmakt

Direktoratet for naturforvaltning fastset kven som er forvaltningsstyresmakt for landskapsvernområdet.

VIII. Rådgjevande utval

Det kan opprettast eit rådgjevande utval for forvaltninga av landskapsvernområdet.

IX. Ikrafttreding

Desse reglane trer i kraft straks.

Verneføresegn – Biotopvernområde

FOR 2000-04-28 nr 408: Forskrift om vern av Steinsbuskardet - Hisdal biotopvernområde, Bykle kommune, Aust-Agder.

Innhold

Forskrift om vern av Steinsbuskardet - Hisdal biotopvernområde, Bykle kommune, Aust-Agder.

- I.
- II. Avgrensing
- III. Føremålet
- IV. Vernereglar
- V. Forvaltningsplan
- VI. Unntak i særskilde høve
- VII. Informasjon
- VIII. Forvaltningsstyresmakt
- IX. Rådgjevande utval
- X. Ikraftsetting

Forskrift om vern av Steinsbuskardet - Hisdal biotopvernområde, Bykle kommune, Aust-Agder. Fastsett ved Kronprinsreg.res. 28. april 2000 med heimel i lov av 29. mai 1981 nr. 38 om viltet § 7 annet ledd. Fremja av Miljøverndepartementet.

I. I medhald av lov om viltet av 29. juni 1981 nr. 38, § 7 annet ledd, er eit område verna ved kronprinsregentens resolusjon av 28. april 2000 under namnet Steinsbuskardet - Hisdal biotopvernområde. Det verna området ligg i Bykle kommune i Aust-Agder fylke.

II. Avgrensing

Det verna området berører heile eller delar av gnr./bnr.: 7/1,2, 8/1, 9/1,3,5, 10/1,2,3,4, 11/1,2,4, 12/1,2, 20/2,3.

Biotopvernområdet dekkjer eit areal på 39,9 km².

Grensene for biotopvernområdet framgår av kart i målestokk 1:80.000, datert Miljøverndepartementet mars 2000. Kartet og vernereglane blir oppbevarte i kommunen, hjå Fylkesmannen i Aust-Agder, i Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet.

Dei nøyaktige grensene for biotopvernområdet skal merkast opp i marka etter nærare tilvising frå forvaltningsstyresmakta. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

Steinsbuskardet - Hisdal biotopvernområde har i to soner med ferdslerestriksjonar. I sone A, Steinsbuskardet, er det særskilte trekkruar for villreinen. Sone B, Hisdal, er kalvingsområde. Grensene for sonene framgår av kartet. Direktoratet for naturforvaltning kan ved forskrift oppheve ferdslereguleringane eller endre grensene for desse sonene.

III. Føremålet

Steinsbuskardet - Hisdal biotopvernområde har til føremål å sikre eit særskilt heilårs leveområde med trekkveggar og kalvingsområde for villrein i Setesdal Vesthei.

IV. Vernereglar

1. Naturmiljøet

1.1 Det må ikkje iverksetjast tiltak som kan endre dei naturgjevne produksjonstilhøva, gjera villreinen sitt livsmiljø ringare eller hindre villreinen sin bruk av området. Dette gjeld til dømes:

Oppføring av bygningar, anlegg og faste innretningar, framføring av luftledningar, bygging av vegar og rasteplassar, oppsetting av autovern, drenering og anna form for tørrlegging, framføring av røyr over bakken, uttak, oppfylling, planering og lagring av masse, bergverksdrift, vassdragsregulering, gjødsling, sprøyting med kjemiske midlar, nydyrking, såing, planting, endring av samansetnaden av treslag ved skogkultur og plassering av campingvogner og bular. Opplistinga er ikkje uttømmende.

Nye plante- eller dyreartar må ikkje innførast.

- 1.2 Reglane i 1.1 er ikkje til hinder for:
 - a) Tradisjonell landbruksdrift, herunder støling, stenging av skåraste, oppsetting av kve og liknande som er naudsynt for fedrifta.
 - b) Tradisjonell beiting. Direktoratet for naturforvaltning kan ved forskrift regulere eller forby beite som strir mot føremålet med vernet.
 - c) Vedlikehald av bygningar, vegar og anlegg.
 - d) Hogst i samsvar med reglane for hogst i vernskog.
 - e) Vedlikehald av merka, eksisterande stiar og løyper. Forvaltningsstyresmakta kan nekte vedlikehald av eksisterande stiar og løyper når det av omsyn til føremålet med vernet er ønskeleg å redusere ferdsla i einskilde område.
 - f) Manøvrering av eksisterande regulerte innsjøar i tråd med konsesjonsvilkåra. Vedlikehald og tilsyn av konsesjonsgjevne kraftanlegg, herunder anleggsveggar, luker, dammar, radio linkar og kraftliner og radiolinkar, herunder naudsynt auka i linetverrsnitt.
 - g) Jakt etter viltlova sine reglar.
 - h) Fiske etter lakse- og innlandsfiskeleva.
- 1.3 Når verksemda eller tiltaket kan skje utan at det strir mot føremålet med vernet, kan forvaltningsstyresmakta på nærare vilkår gje løyve til:
 - a) Oppattbygging av bygningar som er gått tapt ved brann eller naturskade og oppattbygging av nedfalne bygningar som høyrer med i det tradisjonelle bygningsmiljøet i stølsgreider. Eventuelle vilkår for og utforming av bygningane skal setjast i samråd med fylkeskonservatoren.
 - b) Mindre tilbygg til eksisterande bygningar.
 - c) Opparbeiding og merking av nye turstiar og løyper.

2. Ferdslø (ikkje motorisert ferdslø)

All ferdslø skal skje omsynsfullt og ta særleg omsyn til villreinen.

- 2.1 I sone A - Steinsbuskardet, er all ferdslø forbode heile året.
I sone B - Hisdal, er ferdslø forbode i tidsrommet f.o.m. 25. april t.o.m. 31. mai.
- 2.2 Forbodet i pkt. 2.1 er ikkje til hinder for:
- Forhold som er nemnd i pkt. 4.
 - Ferdslø som følgjer veg og merka løype.
 - Ferdslø som er naudsynt i samband med sanking og tilsyn av sau og ved akutt behov for tilsyn og forebyggingutbetring av skade på kraftanlegg.
 - Naudsynt ferdslø i sone A i samband med tilsyn og vedlikehald av kraftanlegg, sjå pkt 1.2. f, i samråd med forvaltningsstyresmakta.
 - Naudsynt ferdslø for grunneigar for tilsyn av eigedommen sin.
- 2.3 Arrangørar av større organiserte arrangement, som idrettsarrangement, jaktprøver, store telteleirar og militærøvingar, må søke forvaltningsstyresmakta om løyve til arrangementet.
- 2.4 Forvaltningsstyresmakta kan gje unntak frå forbodet i pkt. 2.1 i særlege tilfelle når det ikkje strir mot føremålet med vernet, sjå pkt. VI.

3. Motorisert ferdslø

- 3.1 Motorisert ferdslø på land er forbode.
- 3.2 Lågtflyging under 300 m er forbode.
- 3.3 Unnateke frå reglane i 3.1 og 3.2 er:
- Motorferdslø på anleggsveggar i tråd med gjevne konsesjonsvilkår.
- 3.4. Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til:
- Luft og snøskutertransport som trengst i samband med:
 - jord- og beitebruk, t.d. frakting av gjerdeutstyr
 - frakt av ved eller hogstvirke
 - frakt av felt storvilt
 - kalking av vassdrag.
 - Luft- og snøskutertransport som trengst ved tilsyn og vedlikehald av kraftanlegg, sjå pkt. 1.2. f. Ved akutt behov for slik transport skal det sendast melding.
 - Luft- og snøskutertransport av materialer til hytter, klopper mv. og av brensel, utstyr og proviant til hytter og buer.
- 3.5 All lufttransport etter punkt 3 skal meldast til oppsynet for transporten tek til.

4. Militær operativ verksemd og andre offentlege tiltak

Vernereglane er ikkje til hinder for motorferdslø og for gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, sikrings-, oppsyns- og forvaltningsverksemd. Øvingskøyring i samband med desse formåla krev særskild løyve.

V. Forvaltningsplan

Forvaltningsstyresmakta kan setje i verk tiltak for å fremja føremålet med vernet. Det skal utarbeidast forvaltningsplan med nærare retningsliner når det gjeld forvaltning, skjøtsel, tilrettelegging, informasjon og rådgjeving. Forvaltningsplanen skal godkjennast av Direktoratet for naturforvaltning.

VI. Unntak i særskilde høve

Forvaltningsstyresmakta kan gjera unntak frå verne-reglane i kap. IV når føremålet med vernet krev det, for vitskaplege undersøkingar, for tiltak av vesentleg verdi for samfunnet og i særskilde tilfelle når det ikkje strir mot føremålet med vernet.

VII. Informasjon

Det kan setjast opp informasjonstavler.

VIII. Forvaltningsstyresmakt


Direktoratet for naturforvaltning fastset kven som er forvaltningsstyresmakt for biotopvernområdet.

IX. Rådgjevande utval

Det kan opprettast eit rådgjevande utval for forvaltninga av biotopvernområdet.

X. Ikraftsetting

Desse reglane trer i kraft straks.



Haukeligrænd

Holmevassåno

Vidmyr/Lislevatn
Hovden

Hovden

BYKJE

Stuldal

Nordstølhei

Hielmeland

Valle

Kvann dælen

Holmevassåno

Holmevatnet

Storgjerfjelli

Skrassnuten

Kaldafjell

Storsteinheii

Ørpefjelli

Storsteinheii

Storsteinheii

Storsteinheii

Storsteinheii

Storsteinheii

Storsteinheii

Storsteinheii

Storsteinheii

Storsteinheii

Storsteinheii

Storsteinheii

Storsteinheii

Storsteinheii

Storsteinheii

Nesflaten

Bjesskotted

Ufåvass

Årstad

Storsteinheii

Storsteinheii

Storsteinheii

Storsteinheii

Storsteinheii

Storsteinheii

Storsteinheii

Storsteinheii

Storsteinheii

Storsteinheii

Storsteinheii

Storsteinheii

Storsteinheii

Storsteinheii

Storsteinheii

Storsteinheii

Storsteinheii

Blasio

Blasio

Blasio

Blasio

Blasio

Blasio

Blasio

Blasio

Blasio

Blasio

Blasio

Blasio

Blasio

Blasio

Blasio

Blasio

Blasio

Blasio

Blasio

Blasio

Blasio

Lusaheia

Lusaheia

Lusaheia

Lusaheia

Lusaheia

Lusaheia

Lusaheia

Lusaheia

Lusaheia

Lusaheia

Lusaheia

Lusaheia

Lusaheia

Lusaheia

Lusaheia

Lusaheia

Lusaheia

Lusaheia

Lusaheia

Lusaheia

Lusaheia

Vormedalshæia

Vormedalshæia

Vormedalshæia

Vormedalshæia

Vormedalshæia

Vormedalshæia

Vormedalshæia

Vormedalshæia

Vormedalshæia

Vormedalshæia

Vormedalshæia

Vormedalshæia

Vormedalshæia

Vormedalshæia

Vormedalshæia

Vormedalshæia

Vormedalshæia

Vormedalshæia

Vormedalshæia

Vormedalshæia

Vormedalshæia

Nordstølhei

Nordstølhei

Nordstølhei

Nordstølhei

Nordstølhei

Nordstølhei

Nordstølhei

Nordstølhei

Nordstølhei

Nordstølhei

Nordstølhei

Nordstølhei

Nordstølhei

Nordstølhei

Nordstølhei

Nordstølhei


Nordstølhei

Nordstølhei

Nordstølhei

Nordstølhei

Nordstølhei



Sonekart

- Sone 1 - villreintrekkområde, særleg sårbart
- Sone 1A - villreinkalveområde (sone 1 i restr.tid, elles sone 2)
- Sone 2 - utan ny tilrettelegging og nye inngrep
- Sone 3 - kulturlandskapszone
- Sone 3A - kulturlandskap skogbruk
- Sone 4 - spesielle aktivitetar
- Andre verneområde
- Ferdsstrøk – trekk f.o.m. 15.04 t.o.m. 20.05
- Ferdsstrøk – kalving f.o.m. 25.04 t.o.m. 31.05
- Ferdlerestr. heile året
- Steinsbuskardet – Hisdal biotopvernområde
- Vatn
- Vegar
- Stigar
- Kommunegrense
- Turisthytter (KOT og STF)
- Statskog hytter (kun vist familiehytter)
- Målestokk ca 1:350000



Mors gode råd

Og ikkje putt
erter i nasen
mens eg er borte!
sa mor vår og gjekk

Det hadde vi aldri
tenkt på før, så
det gjorde vi


“Mellom sol og måne”
Det Norske Samlaget 1984
Marit Tusvik

Takk for hjelpa!

Det er opp til den einskilde kva ein legg i mors gode råd. Eit ønskje er likevel at vi alle tek del i å syne korleis vi i praksis og handling forvaltar SVR til glede og nytte for notida og framtida - i eit berekraftig perspektiv.

Tusen takk til kvar og ein som har medverka i arbeidet med forvaltingsplanen!

Valle, 3. mars 2005
Forvaltingssekretariatet SVR



Signe B. Sollien Haugå
prosjektleder





**Setesdal Vesthei • Ryfylkeheiane
Landskapsvernomsråde**

Forvaltingssekretariatet
co Valle kommune
4747 Valle
Telefon 37 93 75 00
post@svr.no
www.svr.no